# Aktørskildringar for kommunal sektor

## Kommunale arkivskaparar etter 1965

IKA HORDALAND

© Interkommunalt arkiv i Hordaland IKS 2022

Interkommunalt arkiv i Hordaland
Kalfarveien 82
5022 Bergen
www.ikah.no

Redaksjon: Theresa Rosell-Helland, Lars Fivelstad Smaaberg, Jørn Harald Grov, Sverre Fekjan, Linn Nodland, Elisabeth Rydland Eide, Einar Eide Skogseth, Erika Eidslott, Bengt Helland Eliassen, Inge Vikane, Anders Fylling, Aina Vindenes, Adisa Zvekic, Elizabeth Skråmestø, Hermund Emil Eide, Vilde Torp Råbu, Kristoffer Oma-Sletten og Oda Nilsen Brekke.
Redaktør: Thea Henriette Skjåk Nielsen
Trykk: A7 Print Bergen

ISBN: ISBN 978-82-92076-13-2

Prosjektet er finansiert av Arkivverket og Interkommunalt arkiv i Hordaland.

# INNHALD

**Sentraladministrasjon**
Arbeidsmiljøutvalet 6
Tilsetjingsutvalet 7
Likestillingsutvalet 8
Administrasjonsutvalet 9
Løn, personale og økonomi 10
Bedrifthelsetenesta 11
Generalplannemnda 12
Kommuneplannemnda 13
Forretningsutvalet 14
Eigarutvalet 15
Sentralarkivet 16
Kontrollutvalet 17
Klagenemnda 18
EDB-utvalet 19

**Økonomiforvaltning**
Kommunale skatteutval 20
Eigedomsskattekontoret 21
Legatstyret 22

**Kyrkje og kultur**
Kulturstyret 23
Kulturvernnemnda 24
Hovudutvalet for kultur 25
Utvalet for kultur, idrett og fritid 26
Kommunale fritidsklubbar 27
Ungdomsrådet 28

**Undervisning**
Studienemnda 29
Vaksenopplæringa 30
Hovudutvalet for undervisning 31
Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) 32
Utvalet for oppvekst, levekår, kultur og fritid 33
Musikk- og kulturskulen 34

**Tekniske oppgåver**

Teknisk etat 35
Hovudutvalet for teknisk sektor 36
Trafikkrådet 37
Samferdselsutvalet 38
Planutvalet (Plan- og bygningsutvalet) 39
Utvalet for plan og utvikling 40

**Nærings- og ressursforvaltning**

Kommunale næringsfond 41
Kommuneskog 42
Naturressursutvalet 43

**Sosiale oppgåver**

Sosialstyret 44
Hovudutvalet for helse og sosial 45
Utvalet for helse, sosial og omsorg 46
Eldrerådet 47
Rådet for personar med funksjonsnedsetjing 48
Innvandrarrådet 49
Barnehagenemnda 50
Heimesjukepleia 51
Kommunale bufellesskap 52
Inntaksnemnda 53
Helsestasjonen 54
Kommunelegen 55
Kommunepsykologen 56
Psykisk helseteneste 57
Fysio- og ergoterapitenesten 58
Legevakten 59
Logopedtenesten 60
Flyktningkontoret 61
Arbeids- og velferdsetaten (NAV) 62
Klientutvalet 63
Utekontakten 64
Barnevernet 65

**Litteraturhenvisning** 66

## FORORD

I desember 2019 mottok IKA Hordaland utviklingsmidler fra Arkivverket til prosjektet Standardisering av aktørbeskrivelse for kommunal sektor. Prosjektet bygger videre på arbeidet til Liv Mykland og Kjell Olav Masdalen, som med boka *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap (1969)* redegjorde for og presenterte kommunalt arkivmateriale fra perioden fram til midten av 1960-tallet. Resultatet av prosjektet ble et hefte med standardiserte beskrivelser av 20 arkivskapere fra kommunal sektor.

Positive tilbakemeldinger fra andre kommunale arkivinstitusjoner og egen nytteverdi av prosjektresultatet motiverte oss til å søke om nye prosjektmidler fra Arkivverket i 2020 og 2021. Begge søknadene ble innvilget. I dette heftet finner du resultatet av arbeidet vi har gjort gjennom tre år – til sammen 60 beskrivelser av kommunale arkivskapere fra perioden etter 1965. Utvalget er gjort blant små og store aktører fra arkivskaperkategoriene sentraladministrasjon, økonomiforvaltning, kirke og kultur, undervisning, sosiale oppgaver, tekniske oppgaver og nærings- og ressursforvaltning.

Beskrivelsene følger anbefalingene til aktørbeskrivelse som ble utarbeidet gjennom KAISA-prosjektet. Dette er en veletablert standard blant kommunale arkivinstitusjoner som bygger på praksis ved ulike kommunale arkivinstitusjoner, samt StandArks tabell for samfunnsplassering.

Resultatet av prosjektet vårt tilrettelegger for mer effektiv formidling og forskning på flere områder. Vi har kartlagt ulike kommunale arkivskapere og hvordan etatsstrukturen har endret seg over tid. Denne kartleggingen gjør det enklere å følge kommunalt ansvar og oppgaver gjennom tidene. Beskrivelsene er korte faktaorienterte tekster som er utviklet med tanke på bruk på Arkivportalen. Dette bidrar til å skape brukervennlige informasjons- og publiseringskanaler for arkiv, som igjen vil resultere i at flere tar i bruk kommunalt arkivmateriale.

Vi håper arbeidet vårt vil være til nytte og glede for alle brukere av kommunale arkiv.

Thea H.S Nielsen

Thea Henriette Skjåk Nielsen
Bergen, 31. september 2022

### Arbeidsmiljøutvalet

Arbeidsmiljøutvalet vart oppretta med heimel i § 23 av arbeidsmiljøloven av 4. februar 1977. Arbeidsmiljølova var ei vidareføring av tidlegare arbeidsvernlover, og skulle sikre at arbeidsmiljøet vart tatt vare på utover minstekravet. Det har sidan 1977 vore vedtatt ei rekke større og mindre endringar i lova som har bidratt til å styrke rettane til arbeidstakarane.[1]

Arbeidsmiljøutvalet erstatta dei tidlegare verneutvala, som var samansett av verneombod og representantar frå arbeidsgjevar.[2] Det er pålagt å ha arbeidsmiljøutval i verksemder med minst 50 tilsette. Her skal arbeidsgjevar, bedriftshelsetenesta og arbeidstakar vere representert. Arbeidsmiljøutvalet er underlagt Arbeidstilsynet. I kommunen fungerer arbeidsmiljøutvalet som eit rådgjevande organ med ansvar for å sikre at arbeidsmiljølovgivinga blir overheldt.[3]

Arbeidsgjevar og arbeidstakar skal ha like mange representantar, og leiar for utvalet veljast vekselvis mellom representantar frå arbeidsgjever og arbeidstakar. Representantar frå bedriftshelsetenesta har ingen myndigheit til å ta avgjerder i utvalet. Arbeidsmiljøutvalet er ansvarleg for å sikre eit forsvarleg og trygt arbeidsmiljø i verksemda. Dette inneber å delta i planlegging av verne- og miljøarbeidet, samt følgje opp spørsmål knytt til arbeidstakaranes tryggleik, helse og velferd. Utvalet skal behandle saker om bedriftshelseteneste og verneteneste, spørsmål om opplæring og opplysningsverksemd og helse- og velferdsmessige spørsmål relatert til arbeidstid. Arbeidsmiljøutvalet tar opp saker på eige initiativ eller på initiativ frå verneombodet.[4]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

1 Friberg, *Arbeidsmiljøloven* (Tanum-Norli, 1983), s. 4, 10 og 23.

2 Mykland, *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap: kommunene* (Universitetsforlaget, 1987), s. 201.

3 Lov 2020-03-20-8 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven).

4 *Ibid.*

| | |
|---|---|
| **Arkivskaparkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Frittståande organ |
| **Forvaltningsområde** | Helse og sosialsaker |



### Tilsetjingsutvalet

Tilsetjingsutvalet sitt heimel var å følgja reglar i ein tilsetjingsprosess.[5] Dette vart knytt til Hovudavtalens § 13-3 som opnar for at kommunen skal kunne oppretta tilsetjingsutval. I dag blir dette dekt av Forvaltningslova.[6]

Utvalet vart oppretta fast eller ved behov. Det saklege arbeidsområdet er tilsetjingsprosessar i dei enkelte kommunane. Dei sentrale oppgåvene er å sikra at det ikkje blir gjort formelle feil i tilsetjingsprosessar.

Tilsetjingsutvalet er underordna og blir ofte peikt ut av kommunestyret. Tilsetjingsutval består av etatssjef, rådmann og ein arbeidstakarrepresentant. Arbeidstakarrepresentanten vel igjen representantar innanfor dei arbeidsområda utvalet skal dekka, som til dømes skule, barnehage, helse og omsorg og sosialetaten.[7] I kommunar utan tilsetjingsutval, blir desse arbeidsoppgåvene normalt forvalta av Administrasjonsutvalet.

Tilsetjingsutvalet har som oppgåve å sikra at kandidatar ikkje blir forbigått eller diskriminert på bakgrunn av kjønn eller etnisitet under tilsetjingsprosessar, eller at det finst inhabilitet. Etter likestillingslova av 1978 fekk særleg kjønn og kjønnskvotering relevans.[8] I tillegg skal utvalet sikra at eventuelle krav til kompetanse og utdanning bli dekt.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatsprotokoller.

5 Frydenberg, *Kommuneloven: førstehjelp for saksbehandlere* (Kommuneforlaget, 1995).

6 Kommunesektorens organisasjon, *Kommunenes personalhåndbok* (Oslo: KF, 2020).

7 Austevoll kommune. Tilsetjingsutvalet/tilsetjingsrådet.

8 Halsaa, *Ingen heksekunst* (Likestillingsrådet, 1989).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Sentral myndigheit |

**Likestillingsutvalet**

Likestillingsutvalets overordna heimel var likestillingslova. Lova frå 1978 forplikta det offentlege til å aktivt jobba for likestilling, med særleg sikte på å betra stillinga for kvinner.[9] I praksis ville dette seia at alle offentlege tilsette og leiarar i både stat, fylkeskommunar og kommunar hadde ansvar for likestillingsarbeidet innanfor sine felt. Likestillingsutval vart oppretta i kommunane for å forvalta likestillingsoppgåvene til kommunen overfor arbeidstakar, publikum og dei folkevalde.[10] Utvalet er underordna kommunestyret og formannskapet.

Frå 1982 gjaldt Forsynings- og administrasjonsdepartementet sine framlegg til retningslinjer. Likestillingsutvalet skal samansetjast av medlemmer og varamedlemmer som blir valt av kommunestyret eller formannskapet. Etter reglar i fjerde ledd i likestillingslova § 21 skal kommunane og fylkeskommunane senda inn rapportar til Likestillingsombudet om utval som har vorte oppnemnde eller valde.[11]

I eit sluttnotat om likestillingsarbeid i 1990-åra konkretiserte Tenkegruppen, beståande av Likestillingsrådet, KS og Barne- og Familiedepartementet, kva likestillingsoppgåver kommunane hadde. Overfor arbeidstakarar vart spørsmål om likelønn og fleire kvinnelege leiarar vektlagt. Videre vart likestillingsfremjande arbeid i skulesektor, helse- og sosialsektor, kultursektor og teknisk sektor trekt fram.

Likestillingslova frå 1988 § 21 lovfesta minst 40 % av begge kjønn skulle vere representert i alle offentlege utval. Kommunestyret vedtok rammene for utvalsverksemda. Ikkje alle kommunar har eigne likestillingsutval. I nokre kommunar blir disse oppgåvene tatt vare på av andre instansar.[12]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

9 Lov 1978-06-09-45 om likestilling mellom kjønnene (likestillingsloven).

10 Halsaa, *Ingen heksekunst* (Likestillingsrådet, 1989).

11 *Ibid.*

12 NOU (1995: 15) Et apparat for likestilling, s. 15.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Frittståande organ |
| **Forvaltningsområde** | Justis- og politisa-ker, rettspleie, forhold til andre forvaltningsområde |



**Administrasjonsutvalet**

Administrasjonsutvalet vart oppretta med heimel i § 25 i kommunelova av 12. november 1954,[13] og var eit resultat av KS si evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart redusert og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.[14]

For å avlaste formannskapet, og som eit resultat av at kommunane i større grad engasjerte seg i personalspørsmål, hadde dei fleste kommunar oppretta eigne administrasjonsutval på eit tidlegare tidspunkt, men då som ei frivillig ordning.[15] Administrasjonsutvalet var hovudutval for kommunen si interne administrasjon og er underordna kommunestyret. Utvalet fatta vedtak innanfor rammene til budsjettet og etter dei retningslinjer som var fastsett i lov, i medhald av lov eller vedtatt av formannskap og kommunestyre. Utvalet skulle bestå av minst sju medlemmer kor fem var valt av kommunestyret og to av og mellom arbeidstakarorganisasjonane etter høvetalsprinsippet.[16]

Kommunelova av 1992 stadfesta at administrasjonsutval kunne erstattast med andre ordningar dersom forslaget fekk tilslutning frå minst ¾ av dei tilsette. I motsetning til tidlegare reglement for administrasjonsutval fastslo ikkje lova talet på medlemmar, men oppretthaldt kravet om at fleirtalet av representantane skulle vere frå kommunen. Utover det som vart stadfesta i § 25 gjaldt dei same føresegna for administrasjonsutvalet som andre faste utval jf. § 10.[17]

Administrasjonsutvalet sitt arbeid har vore knytte til arbeidsgjevarfunksjonen til kommunen. Utvalet behandlar saker om tilsetjing, endring av stillingar og søknader om permisjon. Administrasjonsutvalet har vidare hatt ansvar for å vedta retningslinjer og instruksar for tilsetjing og rekruttering og for å utarbeide personalpolitiske retningslinjer for reglement, rutinar og instruksar.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokoller.

13 Norske kommuners sentralforbund, *Administrasjonsutvalg* (Kommuneforlaget, 1987), s. 40-41.

14 Stigen, «Hvorfor politiske utval og komiteer under kommunestyret.» *Regjeringen.no*.

15 NOU (1974: 60) Ansattes medbestemmelse i offentlig virksomhet, s. 41.

16 Norske kommuners sentralforbund, *Administrasjonsutvalg* (Kommuneforlaget, 1987), s. 40-41.

17 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Sentral myndigheit |

**Løn, personale og økonomi**

Løn, personale og økonomi har som oppgåve å vere rådgjevar innan løn- og personalområde,[18] og har heimel i arbeidsmiljølova av 17.06.2005. Arbeidsmiljølova har blant anna som formål å sikre eit arbeidsmiljø som gjer grunnlag for ein helsefremmande og meiningsfylt arbeidssituasjon, sikre trygge tilsetjingsforhold, naudsynt tilrettelegging og likestilling, samt skape eit inkluderande arbeidsliv.[19]

Løn, personale og økonomi er ein avdeling i kommunen si administrasjon, og har overtatt mange av oppgåvene som tidlegare var lagt til administrasjonsutvalet. Avdelinga er ulikt organisert i kommunane, og både namn, oppgåver og tal på tilsette kan variere. Avdelingane har som regler administrativ styring som sitt ansvarsområde, med oppgåver knytt til personalpolitikk, oppfølging av lovverk, tilsettingar, overordna lønnspolitikk, lønnsutbetalingar, opplæring og kompetanseheving.[20] Lønn, personale og økonomi skal vidare gi råd i saker som omhandlar ferie, pensjon, personalforsikring, sjukefråvær, rekruttering og arbeidsmiljø.[21]

Avdelingane kan og utføre oppgåver knytt til kommunerekneskap, skatterekneskap, fondsforvaltning og innkrevjing av kommunale skattar og avgifter.[22]

Løn, personale og økonomi har ofte eit tett samarbeid med hovudverneombodet og hovudtillitsvalte i kommunen[23]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møteprotokollar, kopibøker, postjournalar, saksarkiv, personalmapper og rekneskap.

18 Etne kommune, «Lønn og personal.»

19 Lov 2005-06-17-62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven).

20 Hustadvik kommune, «Lønn og personal.»

21 Etne kommune, «Lønn og personal.»

22 Aure kommune, «Lønn, økonomi og personal.»

23 Stord kommune, «Løn og personal.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjonen |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Finansar, økonomi, statistikk, folkeregister |



**Bedriftshelsetenesta**

Som arbeidsgjevar har kommunar ansvar for at arbeidsmiljøet i kommunen er godt. Jamfør § 13-1 i forskrift om organisering, leiing og medverking er kommunar pålagt å ha ei godkjent bedriftshelseteneste knytt til seg for delar av verksemda. Dette gjeld blant anna arbeidstakarar som jobbar med undervisning, brannvern eller i helse- og omsorgstenestene. Mange kommunar vel likevel å melde inn langt fleire av sine tilsette i bedriftshelsetenesta.[24]

Bedriftshelsetenesta har sine røter i bedriftslegeordninga frå 1943, som hadde som mål å fremje hygiene på arbeidsplassane, og verne om den fysiske og psykososiale helsa til sine tilsette. Etter forhandlingar mellom LO, NAF og Den norske lægefornening om bedriftslegeordninga si samansetning endra ordning namn til bedriftshelsetenesta i 1975.[25]

Bedriftshelsetenesta skal hjelpe kommunen med å sikre eit godt og trygt arbeidsmiljø for dei tilsette i kommunen. Dette inneber å kartleggje arbeidsmiljøet, planlegge fysiske og organisatoriske endringar og utarbeide internkontroll i helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet. Område bedriftshelsetenesta skal hjelpe i er sjukefråværsarbeid, kurs og opplæring i HMS, ergonomi, helsekontrollar, samarbeidsmøte og planarbeid. Bedriftshelsetenesta skal og ha ein rådgjevande funksjon i arbeidsmiljøspørsmål for leiare og tilsette.[26] Alle bedriftshelsetenester skal vere godkjent av Arbeidstilsynet.[27]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, kopibøker, postjournalar, klientmapper, skademeldingar og HMS-handbøker.

24 Arbeidstilsynet, «§ 13-1. Plikt til å knytte bedrifthelsetjeneste til virksomheten.»

25 Sosialdepartementet, ***Sosial trygghet i Norge*** (Universitetsforlaget, 1978).

26 Harstad kommune, «Bedriftshelsetjeneste for Harstad kommune» og Midt-Telemark kommune, «Bedriftshelsetjeneste i Midt-Telemark kommune.»

27 Arbeidstilsynet, «§ 13-1. Plikt til å knytte bedrifthelsetjeneste til virksomheten.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Bedrift |
| **Forvaltningsnivå** | Ubestemt, ukjent |
| **Forvaltningsområde** | Helse og sosialsaker |

## Generalplannemnda

Etter § 20 nr. 3 av bygningslova av 18. juni 1965 kunne kommunestyret velje ein generalplannemnd som skulle utarbeide forslag til generalplanar.[28] Generalplanen var knytt til arealbruk og skulle «angi hovedtrekkene i grunnutnyttelsen og løsningen av spørsmål om tiltak til dekking av allmenne behov innenfor kommunens område».[29] Generalplanen fungerte som ein rettleiar ved utarbeidinga av reguleringsplanar.

Generalplannemnda var underlagt kommunestyret og bestod av minst tre av deira medlemar. Kommunestyret skulle sørge for at plan- og bygningslovgjevnaden vart fylgt opp i kommunen. Det vedtok kommunal planstrategi, kommuneplan og reguleringsplan, oppretta nemnder og trefte naudsynte tiltak.[30] Bygningslova kravde at det vert utarbeidd ein generalplan i alle kommunar. Opprettinga av ein generalplannemnd var av valfri karakter og i fleire kommunar var generalplanarbeidet lagt til teknisk etat eller formannskapet.[31]

Ved vedtakinga av ny plan- og bygningslov i 1985 vart generalplanen erstatta av kommuneplanen.[32] Medan generalplanen vart oppfatta meir som ein samla plan for framtidig arealbruk i kommunen får den nye kommuneplanen eit vidare omfang idet den skak gje retningsliner for all kommunal verksemd.[33]

Generalplannemnda utarbeidde arealplanar for byggjeområde, jord- eller skogbruksområde, naturområde, trafikkliner og andre kommunikasjonsanlegg og så på løysingar for vatn- og kloakkspørsmål. Som rådgjevande organ hadde ikkje generalplannemnda mynde til å gje påbod til bygningsrådet i samband med utbygging av reguleringsplanar.[34]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld om regel møtebøker og sakarkiv.

28 Norske kommuners sentralforbund, *Hovedutvalg - teknisk sektor* (Kommuneforlaget, 1983), s. 32.

29 Schulze, *Bygningsloven og bygningsforskriftene i praksis* (Tanum-Norli, 1973), s. 74.

30 Lov-2008-06-27-71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan og bygningsloven).

31 NOU (1982: 38) *Nemnder på kommuneplan.*

32 *Store norske* leksikon s.v. «generalplan» av Harald Benestad Anderssen.

33 Norske kommuners sentralforbund, *Hovedutvalg - teknisk sektor* (Kommuneforlaget, 1983), s. 14.

34 Schulze, *Bygningsloven og bygningsforskriftene i praksis* (Tanum-Norli, 1973), s. 73-75.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs, miljøforvaltning, tekniske oppgåver |



## Kommuneplannemnda

Ifølgje plan- og bygningslova av 27. juni 2008 § 11-1 skal kommunen ha ein samla kommuneplan. Kommuneplanen er den viktigaste overordna planen til kommunen, og skal innehalde langsiktige mål for utviklinga til kommunen. Kommuneplanen blir vedtatt av kommunestyre.[35]

Kommuneplanen avløyste den tidlegare generalplanen da plan- og bygningsloven av 1985 vart vedtatt. Mens generalplanen hovudsakeleg omhandla utnytting av areal i kommunen skulle kommuneplanen gi retningslinjer for all kommunal verksemd. Som med generalplanen skulle utarbeidinga av kommuneplanen bli utført av ei eiga nemnd eller eit utval. I dag er det større variasjon mellom kommunane og korleis dei organiserer arbeidet.[36]

Kommuneplannemnda skulle jf. § 20-1 av plan- og bygningslova av 1985 utarbeide ein kommuneplan beståande av to delar: ein langsiktig plan og ein kortsiktig plan. Mens den kortsiktige planen skildra ein samordna handlingsplan for verksemda til sektoren dei nærmaste åra, skulle den langsiktige planen innehalde: ««mål for utviklinga i kommunen, retningslinjer for sektorens planlegging og en arealdel for forvaltninga av areala og andre naturressursar.»[37]

Med plan- og bygningslova av 2008 vart krava til innhaldet i kommuneplanen endra, og i dag skal den omfatte ein samfunnsdel og ein arealdel.[38]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, planhefter, kart og teikningar.

35 Lov 2008-06-27-71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan-og bygningsloven).

36 Norske kommuners sentralforbund, *Hovedutvalg – teknisk sektor* (Kommuneforlaget, 1983), s. 14 og 32.

37 Lov 1985-06-14-77 om plan og bygningslov (plan og bygningsloven – plbl.).

38 *Store norske* leksikon, s.v. «kommuneplan» av Helene Falch Fladmark.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs, miljøforvaltning, tekniske oppgåver |

**Forretningsutvalet**

Forretningsutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-7 av 22. juni 2018. Lova opnar opp for at det einskilde kommunestyre skal kunne opprette utval for kommunale føremål, og for delar av den kommunale verksemda.[39]

Forretningsutvalet er underlagt kommunestyre som vel leiar, nestleiar og medlemmer til utvalet.[40] Leiar for utvalet er oftast ordføraren.[41] Utvalet blir valt i det konstituerande kommunestyret og skal ha minst tre medlemmer.[42] Desse blir valt for den kommunale valperioden.[43]

Forretningsutvalet blir kalla inn til møte når det er saker til handsaming. Av omsyn til personvern eller tungtvegande offentlege interesser (jf. kommunelova § 11-5) blir møta til forretningsutvalet halde for lukka dører.[44]

Utvalet sitt ansvarsområde er den indre stoda til kommunestyret, og forretningsutvalet har som overordna oppgåve å leggje til rette for og samordne dei ulike aktivitetane i kommunestyret. Utvalet skal følgje opp tilhøve knytt til arbeidsvilkåra til dei folkevalde og sjå til at innkomne saker blir fordelt til kommunestyret sine organ.[45] Utvalet sine oppgåver vil variere frå kommune til kommune, men forretningsutvalet har som regel ansvar for kommunen sin sentrale representasjon, valsaker, å tilrå styrehonorar og innstille reglement.[46]

Forretningsutval kan vere både kommunale og fylkeskommunale utval.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

39 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

40 *Ibid.*

41 Oslo kommune, «Reglement for forretningsutvalget» og Steinskjer kommune, «Reglementer for kommunestyre, formannskap, råd og utvalg.»

42 Oslo kommune, «Reglement for forretningsutvalget.»

43 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

44 Oslo kommune, «Reglement for forretningsutvalget» og Steinskjer kommune, «Reglementer for kommunestyre, formannskap, råd og utvalg.»

45 Bergen kommune, «Forretningsutvalget» og Tromsø kommune, «Reglement for forretningsutvalget».

46 Tromsø kommune, «Reglement for forretningsutvalget.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune / fylkeskommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Sentral myndigheit |



**Eigarutvalet**

Eigarutvalet er oppretta med heimel i kommunelova § 5-1 (2) av 22. juni 2018, og skal bidra til å sikre god politisk styring og kontroll over selskapa kommunen har eigarskap i.[47]

Eigarutvalet er underordna kommunestyret, som vedtek å opprette selskap og føretak. Enkelte kommunar vel å delegere avgjerdsmakt som eigarutval til formannskapet.[48] Utvalet skal bli orientert i saker som vedkjem eigarinteressene til kommunen, og har høve til å påverke avgjerder i slike saker gjennom å kome med tilrådingar.[49]

Utvalet har myndigheit til å ta avgjerder i saker som fell inn under utvalet sitt ansvarsområde, men må samstundes operere innanfor rammene og retningslinene som blir vedteke av kommunestyret.[50] I kommunar kor formannskapet er valt som eigarutval kan utvalet bli gitt innstillande myndigheit. Eigarutvalet fungerer som valkomité for styret i det einskilde selskap, kor styreleiar blir føreslått på bakgrunn av kriteria som kjem fram i eigarmeldinga.[51]

Eigarutvalet skal med grunnlag i avtalene og vedtektene til selskapet utarbeide strategiar og mål for selskapa til kommunen. Utvalet skal vidare sjå til at den vedtekne eigarskapsmeldinga til kommunen blir følgt opp, og at den blir oppdatert når det trengst.[52] Gjennom eigarmøte og synfaringar skal eigarutvalet sikre god dialog og kontakt mellom kommune og selskap. Eigarutval arrangera normalt ein årleg eigardag i kommunestyret, eller i andre organ.[53]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møteprotokollar og saksarkiv.

47 Bærum kommune, «Eierutvalget».

48 Asker kommune «Eierskapsmelding» og Moss kommune «Eierskapsmelding Moss kommune.»

49 Asker kommune «Eierskapsmelding.»

50 Bærum kommune, «Eierutvalget».

51 Moss kommune, «Eierskapsmelding Moss kommune.»

52 *Ibid.*

53 Bærum kommune, «Eierutvalget» og Moss kommune, «Eierskapsmelding Moss kommune.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Finansar, økonomi, statistikk, folkeregister |

## Sentralarkivet

Sentralarkivet kan skildre arkivtenesta i ein kommune, eller eit felles saksarkiv for fleire av kommunen sine arkivskaparar. Organiseringa av arkivtenesta går fram av arkivføresegna av 11. desember 1998, jf. § 2-1: «arkivarbeidet i eit offentleg organ skal som hovudregel utførast av ei eiga eining, ei arkivteneste, under dagleg leiing av ein arkivansvarleg. Arkivtenesta skal vere felles for organet» og «inngåande post skal leverast til arkivtjenesta» jf. § 3-1.[54]

Jamfør §2-4 skal «Daglegarkivet vere sentralisert så langt dette er praktisk tenleg». Forskrifta førte også krav om standardisering av den elektroniske journalføringa og arkivsystemet, ved at «offentlege organ normalt (skal) nytte eit arkivsystem som følgjer krava i Noark-standarden», jf. § 2-9. Det vart også stilt krav til at offentlege organ skulle ha ein arkivplan (jf. §2-2) som skulle omfatte instruksar, reglar og planar for arkivarbeidet.[55]

Sentralarkivet er ikkje sjølv ein arkivskapar, men har ofte oppgåver som driftar daglegarkivet i ein kommune. Det omfattar mellom anna postmottak, journalføring, oppfylging av saker og arkivering, detaljert beskrive i arkivforskrifta i § 3-1 – 3-8.

Ordninga med Sentralarkiv var etablert i nokre kommunar fleire år før føresegna vart gjort gjeldande.[56] Kommunane fekk sin egen arkivstandard, KOARK, som seinare vart slått saman med den statlege NOARK 4.[57] Innføringa av K-kodesystemet frå 1992 la også opp til eit system som svarte til NOARK-standarden.[58] Arkivplanarbeid, som også standardiserte rutinar og arbeid for arkivtenesta, gjekk også føre seg på denne tiden.[59]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel kopibøker og saksarkiv.

54 Forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentelge arkiv (arkivforskriften).

55 *Ibid.*

56 Osterøy kommune. Formannskapet «Møteinnkalling fra Rådmannen om innføring av felles saksarkiv og felles postmottak» og Alvdal kommune, «Arkivplan for Alvdal kommune.»

57 Fonnes, *Arkivhånboken* (Oslo: Kommuneforlaget, 2008), s. 165.

58 Interkommunalt arkiv i Hordaland, «Innføring av K-kodar i kommunen», s. 18.

59 Interkommunalt arkiv i Hordaland, «Kurs i arkivplanlegging.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Sentrale organ |
| **Forvaltningsområde** | Sentral myndigheit |



## Kontrollutvalet

Kontrollutvalet vart oppretta med heimel i § 77 av kommunelova av 1992. Lova satt krav til at kommunestyret skulle velje eit kontrollutval for å «forestå det løpende tilsyn med den kommunale og fylkeskommunale forvaltning». Kontrollutvalet var underlagt kommunestyret.

Tidlegare var det formannskapet som hadde ansvar for tilsyn- og kontroll i kommunane.[60] Då kontrollutval vart oppretta skulle kontrollen vere mest mogleg uavhengig av politisk leiing. Det vart derfor stilt krav om at medlemane ikkje skulle ha bindingar til politisk leiing eller til administrasjonen. I forskrift om kontrollutval og revisjon frå 2004 vart det likevel krav om at minst ein av medlemane i utvalet skulle vere kommunestyremedlem.[61]

I kommunelova frå 2018 er det òg krav om at det skal vere minst frem medlemar i utvalet og at leiaren ikkje kan vere medlem av same parti eller gruppe som ordføraren, jf. § 23-1. I forskrifta frå 2004 vart det i tillegg krav om at kommuneadministrasjonen, eller dei som gjer revisjonsoppgåver for kommunen, ikkje kunne vere sekretariat for utvalet.[62] Då lova vart innført kunne til dømes kommunerevisjonen vere sekretariat for utvalet.[63] Kontrollutvalet skal kontrollere revisjonen av kommunerekneskapane og at økonomiforvaltninga følgjer gjeldande reglar. Det skal òg syte for forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Oppgåvene inneber òg å føre «eierskapskontroll» med dei som «utøver kommunens eierinteresser» jf. § 23-4.

Kontrollutvalet skal lage ein plan for kvar det er størst trong for forvaltningsrevisjon og kontroll av eigarskapen.[64] Utvalet skal disponere eit sekretariat til arbeidet, som mellom anna skal gjere sakshandsaming, setje i verk vedtak og ta hand om arkivering.[65] Sekretariatsfunksjonen er i eit stort fleirtal av kommunane organisert gjennom interkommunale selskap (IKS).[66]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og saksarkiv.

60 Osterøy kommune. Formannskapet «Skriv om konsekvensene av innføring av ny kommunelov i 1992.»

61 Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner (Forskrift om kontrollutvalg i kommuner/fylkesk).

62 *Ibid.*

63 Osterøy kommune. Formannskapet «Skriv om konsekvensene av innføring av ny kommunelov i 1992.»

64 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

65 *Ibid.*

66 Deloitte «Evaluering. Kontrollutvalg og kontrollvalgssekretariat», s. 166.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Frittstående organ |
| **Forvaltningsområde** | Justis- og politisaker, rettspleie, forhold til andre forvaltningsorgan |

**Klagenemnda**

Klagenemnda er oppretta med heimel i § 28, 2. ledd i forvaltningslova av 10. februar 1967 og habilitetsreglane i kommunelova § 40 nr. 3 punkt c.[67] Klagenemnda skal fungere som ein sjølvstendig instans ved å gje rettssubjekt høve til å få etterprøvd saka si. Etter forvaltningslova § 28-34 skal klager avgjerast av eit anna forvaltningsorgan (klageinstansen) enn det som fatta det opphavelege vedtaket.[68]

I utgangspunktet er kommunestyret klageinstans for forvaltingsorgan som organisatorisk er underlagd kommunestyret, men kommunestyret kan av praktiske grunnar opprette klagenemnder for klagehandsaming av einskildvedtak.[69]

I samband med ny kommunelov av 25. september 1992 vart det gjort endringar i forvaltningslova § 28 andre ledd som innebar ei utviding av retten til å klage over einskildvedtak fatta av kommunale og fylkeskommunale organ. Tidlegare gjaldt klageretten berre vedtak etter særlover.[70]

Klagenemnda skal ha minst 3 medlemmer og bør ha medlemmer med juridisk kompetanse eller ha tilgang til juridisk bistand når det trengst. Klagar som vert handsama av klagenemnda kan være einskildvedtak vedkomande tildeling av barne- og sjukeheimsplass, etableringslån og ulike typar tilskot. Klageretten gjeld ikkje generelle vedtak eller forskrifter.[71]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker med saksvedlegg.

67 Flølo, *Enkeltvedtak. Begrunnelse og klage* (Oslo: Kommuneforlaget, 1993), s. 23.

68 NOU (2019: 5) *Ny forvaltningslov: lov om saksbehandling i offentlig forvaltning.*

69 Flølo, *Enkeltvedtak. Begrunnelse og klage* (Oslo: Kommuneforlaget, 1993), s. 23.

70 Regjeringen «Veiledning om intern klage i kommuner og fylkeskommuner.»

71 Flølo, *Enkeltvedtak. Begrunnelse og klage* (Oslo: Kommuneforlaget, 1993), s. 24.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Økonomiforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Justis- og politisaker, rettspleie, forhold til andre forvaltningsnivå |



**EDB-utvalet**

EDB-utval, eller «Utval for elektronisk databehandling» arbeida med utreiing av den framtidige bruken av elektronisk databehandling i dei kommunale etatane.[72] Frå produktivitetskampanjen til kommunaldepartementet i kommunesektoren frå 1982/1983 vart EDB peikt på som ei naudsynt prioritering for å betre produktiviteten til den kommunale forvaltninga.[73]

Bruken av EDB varierte stort blant kommunane i landet i 1970-åra. I 1984 vart det utarbeida ein rettleiar for kommunane i bruken av EDB av Norske kommuners sentralforbund. Ved opprettinga av eit eiget EDB-utval vart det politiske hovudansvaret plassert under kommunestyret/formannskapet, mens administrasjonsutvalet skulle ha det utøvande ansvaret. EDB-utval skulle på same måte som administrasjonsutvalet bestå av både folkevalde representantar og representantar for dei tilsette.[74]

Gjennom sitt arbeid skulle EDB-utvalet utarbeide ein overordna EDB-plan som skulle ha hovudfokus på å iverksette overgangen til EDB.[75] I utgreiingsarbeidet var det sentralt at EDB-utvalet arbeida med dei økonomiske aspekta med utvida bruk av EDB. Særleg var fokus knytt til effektiviseringsgevinstar for kommunen, kostnadene vedkomande kjøp av utstyr og program, og innhenting av tilbod frå eksterne aktørar.[76]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

72 Norske kommuners sentralforbund, *Veileder for bruk av EDB i kommunene* (Kommuneforlaget, 1984), s. 27.

73 *Ibid*, s. 25.

74 *Ibid*, s. 27.

75 *Ibid*, s. 28-29.

76 *Ibid*, s. 32-36.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sentraladministrasjon |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Annet |

### Kommunale skatteutval

Dei kommunale skatteutvala var heimla i lov om betaling og innkreving av skatt av 21. november 1952 § 41 og 42. Ordninga avløyste skattelovene av 1882 og 1911 som gav heradsstyra rett til å ettergi ilikna skatt.[77]

Ordninga med dei kommunale skatteutvala vart endra i 2005 frå å vere obligatorisk for alle kommunar, til at det skulle vere eit skatteutval per likningskontor. Talet på skatteutval vart då redusert til 99.[78] Då Skattebetalingslova av 2005, som tredde i kraft 1. januar 2009, erstatta skattebetalingslova av 1952 vart talet vidare redusert til fem regionale skatteutval.[79] Med dette tok ordninga med kommunale skatteutval slutt.[80]

Dei kommunale skatteutvala kunne treffe avgjersler i saker der det vart søkt om ettergiving av skatt på inntil 200 000 kroner. I andre tilfelle skulle dei gje ei innstilling før dei sende saken til skattefuten eller Skattedirektoratet.[81]

Skattebetalingslova av 1952 gjorde det obligatorisk å ha eit slikt utval, og slo fast at det skulle vere samansett av ein likningssjef, ein medlem vald av formannskapet og ein medlem vald av fylkesmannen.[82]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

77 Mykland, *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap: kommunene* (Universitetsforlaget 1987), s. 38.

78 KommunalRapport, «Småkommuner nister lokale skatteutvalg.»

79 KommunalRapport, «Skatteutvalg fjernes i stillhet.»

80 Skatteetaten, «Lemping av skatter og avgifter av hensyn til skyldneren.»

81 O.nr. 130 (2004-2005).

82 Mykland, *Administrasjonshistorie og arkivkunnskap: kommunene* (Universitetsforlaget, 1987), s. 38.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Økonomiforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Finansar, økonomi, statistikk og folkeregister |



### Eigedomsskattekontoret

Frå mellomalderen vart jordbøker brukt som eigedomsregister ved innkrevjing av eigedomsskatt,[83] men i 1665 vart dei avløyst av ein landsdekkande skattematrikkel som la grunnlaget for skattlegging. I 1913 tredde landskattelova og byskattelova i kraft. For landkommunane var det frivillig, men for bykommunane vart det obligatorisk å krevje inn eigedomsskatt. I dag er det eigedomsskattelova av 6. juni 1975 som er gjelande lovverk.[84]

Eigedomsskatt er ein skattleggingsform som bidrar til finansiering av kommunale tenester,[85] og historisk sett har den vore ein av dei viktigaste inntektskjeldene til kommunen.[86] Det er eigedomsskattekontoret som skriv ut denne skatten.[87]

Med heimel i eigedomsskattelova §§ 1 – 3, kan kommunestyret i den einskilde kommune, uavhengig av tidlegare status som land- eller bykommune,[88] velje å krevje inn skatt på fast eigedom i heile eller avgrensa delar av kommunen, og i område knytt til næringsverksemda.[89]

Ifølgje eigedomsskattelova § 8 er det kommunestyret som utnemner den nemnda eller personane som skal setje takst på eigedomane. § 15 i same lov bind kommunane til å føre eigedomsskatteliste som skal ligge ute til offentleg gjennomsyn.[90]

Oppgåvene til eigedomsskattekontoret er: å halde oversikt over skatteobjektet; skrive ut eigedomsskatt, utarbeide og vedlikehalde rutinar; taksere nye og endre andre skatteobjekt, vere sekretariat for sakkyndig nemnd og klagenemnd; utarbeide saker til behandling og ekspedere vedtak.[91]

Organisering av eigedomsskattekontoret varierer mellom kommunane, men som regel er kontoret organisert under økonomi og rekneskap eller plan, bygg og eigedom.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og saksarkiv.

83 *Store norske* leksikon s.v. «jordebok» av Børge Nordbø.

84 NOU (1996: 20) Ny lov om eiendomsskatt.

85 Notodden kommune, «Eiendomsskattekontoret.»

86 Bjørgum, *Kommunale krav og innkreving* (Kristiansand: Bjorvand & Skarpodde, 1994).

87 Lov 1975-06-06-29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova).

88 NOU (1996: 20) Ny lov om eiendomsskatt.

89 Lov 1975-06-06-29 om eigedomsskatt til kommunane (eigedomsskattelova).

90 Arendal kommune, «Eiendomsskattevedtekter.»

91 Hustadvik kommune, «Eiendomsskattekontoret.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Økonomiforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Finansar, økonomi, statistikk og folkeregister |

**Legatstyret**

Legat er i dag regulert gjennom stiftelseslova av 15. juni 2001 jf. §2. Etter stiftelseslova § 10 c) skal det stå i stiftelsen sine vedtekter kven som skal sitja i legatstyret.[92] Det er ikkje gjeve at kommunen har noko rolle i legatstyret. Mange legat er likevel administrert av kommunar.

Bakgrunnen for dette finner vi i verjemålslova av 22. april 1927 § 91, som seier at overformynderiet kunne overta forvaltninga av legatmidlar.[93] Overformynderiet hadde likevel ikkje plikt til å overta forvaltninga av legat.[94] Med verjemålslova av 26. mars 2010 § 97 vart denne retten til å overta legatmidlar lagt under Fylkesmannen.[95] Kommunal forvaltning av legat har og ei lengre historie, tilbake til magistratembeta i byane.[96]

Kommunen kan ha eitt legatstyre som administrerer fleire legat, eller eit legatstyre for kvart legat. Legatstyret si hovudoppgåve er å gje økonomisk stønad til personar eller formål etter visse vilkår i legatvedtektene. Legatstyret vurderer kva for søknader som oppfyller vilkåra, og omfanget av stønaden til den einskilde søkjar.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel saksarkiv og rekneskap. Sjølv om legatstyret i dag plikter å føre protokoll frå styret sitt sakshandsaming, er det ikkje alltid eigne møtebokseriar i eldre arkiv.

92 Lov 2020-11-20-128 om stiftelser (stiftelsesloven).

93 Lov 22.april 1927 om vergemål for umyndige (vergemålsloven).

94 NOU (1975: 63) Stiftelser og omdanning.

95 Lov 2010-03-26-9 om vergemål (vergemålsloven).

96 NOU (1975: 63) Stiftelser og omdanning.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Økonomiforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Finansar, økonomi, statistikk og folkeregister |



**Kulturstyret**

Kulturstyret byggjer hovudsakleg på vanlege vedtak i Stortinget om ansvars- og oppgåvedeling på det kulturpolitiske området og har berre delvis heimel i særlover.[97] I 1975 kom det ein rettleiande mønsterinstruks for kommunale kulturstyre vedteke av Kyrkje- og undervisningsdepartementet. Instruksen oppmoda kommunestyret til å opprette eit kulturstyre. Kommunane stod samstundes fritt til å vedta sine eigne instruksar.[98]

Kulturstyret var i funksjon fram til midten av 1980-talet. Etter ei vurdering av nemndstrukturen i norske kommunar i 1977 vart kulturstyret gradvis erstatta av hovudutval for kultur, som skulle dekkje både kyrkje, kultur og fritid. Kulturområdet fekk då styrka sin posisjon ved at medlemmer i kommunestyret også vart vald som medlemmer av hovudutvalet.[99]

Kulturstyret var sett saman av medlemmer med varamedlemmer som vart vald av kommunestyret for den kommunale valperioden. Talet på medlemmer og varamedlemmer varierte mellom kommunane. Kommunen kunne ved behov opprette underutval under kulturstyret.[100]

Kulturstyret skulle ivareta kulturinteressene i kommunane gjennom å utarbeide sektorplanar og budsjettframlegg innafor områda kulturtiltak, idrett og kulturelt organisasjonsarbeid. Kulturstyret skulle vere styre for kommunale kulturinstitusjonar og kulturanlegg, og administrere tilskotsordningar. Kulturstyret fungerte òg som rådgjevande organ for kommunen i kulturpolitiske spørsmål og skulle så langt som mogleg ha vedtaksrett innanfor området.[101]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

97 Norske kommuners sentralforbund. *Kulturstyret og andre kommunale organ* (Kommuneforlaget, 1981), s. 13.

98 Norske kommuners sentralforbund. *Kulturstyre* (Kommuneforlaget, 1979), s. 95.

99 *Ibid*, s. 38.

100 *Ibid*, s. 95

101 *Ibid*, s. 38-40.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Kultur |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |

**Kulturvernnemnda**

Kulturvernnemnda vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og hadde bakgrunn i rundskrivet til Kyrkje- og undervisningsdepartementet av 21. april 1975. I rundskrivet heiter det at kommunen kan opprette underutval under kulturstyret, deriblant kulturvernnemnd.[102] Kulturstyret var ikkje påbyd ved lov, men Kyrkje- og undervisningsdepartementet oppmoda kommunane til oppretting av desse. Det same var saka for kulturvernnemndene.[103]

Kulturvernnemndene var i funksjon frå 1960-tallet og overtok deler av oppgåvene som tidlegare hadde høyrd direkte under kulturstyret. Kulturvernnemnda var underordna kulturstyret, og ser ut til å ha spelt ut rolla si då hovudutvalet for kultur erstatta kulturstyra frå tidleg på 1980-tallet.

Arbeidet som kulturvernnemndene utførte var knytt til kulturhistorisk dokumentasjon og formidling. Dei konkrete oppgåvene varierte difor frå kommune til kommune. Nemnda kunne vere engasjert i arbeid knytt til lokale museum, bygdemuseum, og samlingar. Nemnda kunne ha rolla som utgjevar av lokale historielags publikasjonar som mellom anna handla om kulturhistorie, dialekter, og lokal språktradisjon. Einskilde nemnder var òg involvert i planlegging av bevaring av bygningar og miljø av kulturhistorisk verd.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, men kan òg innehalde rekneskap og seriar knytt til lokale prosjekt.

102 Kirke- og undervisningsdepartementet, rundskriv F-105/75.

103 NOU (1982: 38) Nemnder på kommuneplan.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Kultur |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |



**Hovudutvalet for kultur**

Hovudutvalet for kultur vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og var eit resultat av KS sin evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.[104]

Hovudutvalet for kultur var i funksjon frå tidleg 1980-talet og overtok dei oppgåvene som normalt hadde høyrt til kulturstyret. Utvalet hadde dei kulturspørsmål kommunen skulle behandle som sitt ansvarsområde og var underordna kommunestyret.[105] Da kommunelova av 1992 tredde i kraft vart hovudutvala i stor grad erstatta av nye utval sidan lova opna opp for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.[106]

Hovudutvalet for kultur bestod av medlemmer med varamedlemmer, som vart valt av og fortrinnsvis frå kommunestyret for den kommunale valperioden. Ein av medlemmene måtte og vere valt inn i formannskapet. Talet på medlemmer og varamedlemmer varierte mellom kommunane.[107]

Hovudutvalet for kultur sine oppgåver omfatta budsjettarbeid, kulturplanarbeid og kontroll av tilskotsmidlar. Hovudutvalet hadde og ansvar for å leggje til rette for samordning og samarbeid med offentlege og private kulturorgan og enkeltpersonar, samt drive informasjons- og rådgjevingsarbeid for kulturorganisasjonar og enkeltpersonar i kommunen.[108] Hovudutvalet fungerte og som styre for kulturinstitusjonar, med mindre anna ikkje var bestemt.[109]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

104 Stigen, «Hvorfor politiske utval og komiteer under kommunestyret.» *Regjeringen.no*.

105 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1980), s. 15.

106 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

107 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1980), s. 15.

108 Norske kommuners sentralforbund. *Hovedutvalg for kultur* (Kommuneforlaget, 1987), s. 37.

109 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1980), s. 16.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Kultur |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |

**Utvalet for kultur, idrett og fritid**

Utvalet for kultur, idrett og fritid er oppretta med heimel i kommunelova av 22. juni 2018 § 5-7. Loven legg til rette for at kommunar kan opprette politiske utval og kommunestyrekomitéar med bestemte oppgåver og ansvarsområde.[110]

Denne typen utval må ha minst tre medlemmer, og blir valt av kommunestyret. Medlemmene kan vere representantar frå kommunestyret, eller andre innbyggjarar i kommunen som oppfyller valbarheitsbestemmingane i kommunelova kapittel 7.[111]

Utval som blir oppretta etter kommunelova § 5-7 skal behandle saker innanfor sitt ansvarsområde, og kan få tildelt myndigheit til å fatte vedtak dersom ikkje anna følgjer av lov.

Slike utval blir oppretta etter behov i kommunane. Oppgåver, ansvar og samansetning kan derfor variere. Utvalet for kultur, idrett og fritid kan blant anna vere samanslått med område som samfunnsdialog, frivilligheit og folkehelse. Utvalet kan ha ansvar for saker som gjeld bibliotek, museum, kunstformidling og andre kulturaktivitetar, fritidsklubbar, idrettsanlegg og svømmehallar. Andre ansvarsområde kan og førekomme.[112]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

110 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

111 Stigen, «Hvorfor politiske utval og komiteer under kommunestyret.» *Regjeringen.no*.

112 Sandefjord kommune, «reglement for Hovedutvalg for kultu, idrett og fritid» og Bærum kommune, «Hovedutvalg for miljø, idrett og kultur.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaparkategori** | Kyrkje og kultur |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |



**Kommunale fritidsklubbar**

Ein kommunal fritidsklubb er eit fritidstiltak og ein institusjon retta mot barn og unge. Det er ikkje ei lovpålagt teneste, og kommunane vel sjølv om dette er eit tilbod dei ønsker å tilby.

Den første kommunale fritidsklubben i Noreg opna i 1953. Fritidsklubbar blir likevel ikkje rekna som ein gamal institusjon, da det først vart ei satsing på 196- og 1970-talet. Bakgrunnen for satsinga var ei aukande bekymringa blant myndigheitene for framveksten av ein ulik ungdomskultur enn den man hadde møtt tidlegare. Denne utviklinga var påverka av generasjonsopprøret som prega storbyar i USA og Vest-Europa, og dermed Oslo. Rus, støy og hemningsløysa åtferd prega ungdomsmiljøet, og det dukka opp stadig nye ungdomsgrupper i sentrum av Oslo. Behovet for ein inkluderande og uformell møteplass, på premisser til ungdommen, vart svært tydleg.[113]

Det er ingen beskyttelse i lovverket for klubbene som institusjon, ei heller forskrifter for regulering av drift. Føringa for rammeføresetnadene blir lagt lokalt i forankringa til klubben. Det kommunale planverket kan sikre samarbeid med andre aktørar slik som skular, barnevern, PPT og politi. Dette samarbeidet skal skape eit rusfritt og trygt alternativ omringa av stabile vaksne rollemodellar. Den fleksible driftsmetoden gjer det mogleg for klubben å ta på seg rolla som eit bindeledd mellom sosiale tenester og ulike kulturinstitusjonar, kor ulike tenkemåtar og fagtradisjonar møtes.[114]

Dei interne verkeområdane ein fritidsklubb har blir grovt sett delt i tre delar; den sosial møteplassen, gruppeaktivitetar, og ein såkalla «open dør verksemd».[115]

Som understreka i mellom anna ungdomsmeldingane kan sosial læring, kontakt med vaksne og utfolding for ungdomsgrupper vere eit tilbod man finner hos fritidsklubbane.[116]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, medlemsregister, saksarkiv og rekneskap.

113 Ungdom og fritid. *Kommunal veileder*, s. 6

114 *Ibid*, s. 7 og 10.

115 *Ibid*, s. 9

116 Norske kommuners sentralforbund. *Kommunal barne- og ungdomspolitikk* (Kommuneforlaget, 1983).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaparkategori** | Kyrkje og kultur |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Institusjon |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |

## Ungdomsrådet

Føresegner om kommunale ungdomsråd vart tilføydd kommunelova av 1992 ved lov 16. Juni 2017 § 10 b. Endringane slo fast at kommunestyret eller fylkestinget sjølv kunne velje eit ungdomsråd, som skulle vere eit rådgjevande organ i saker som gjaldt ungdom.[117] I dag er ungdomsrådet oppretta med heimel i § 5-2 e) i kommunelova av 26. juni 2018.[118]

Ungdomsråd eller andre medverkingsorgan for ungdom skal bli oppretta i alle kommunar og fylkeskommunar. Rådet skal representere ungdom i kommunen sine politiske organ og administrasjon. Alle saker som omfattar ungdom skal bli lagt fram for ungdomsrådet, som òg kan ta opp saker på eige initiativ. Føremålet med ungdomsråd er å oppnå brei og open medbestemming i saker som gjeld ungdom.[119]

Rådet blir normalt valt for to år om gangen og det vel sjølv leiar og nestleiar. Talet på medlemmer varierer mellom kommunane. Medlemmene er som oftast mellom 12 og 18 år.[120]

Ungdomsrådet skal fungere som eit talerøyr for ungdom i møte med politikare og avgjerdstakarar. I saker som gjeld barn og ungdom er ungdomsråd høyrings- og rådgjevingsorgan for kommunen. Rådet har vidare til oppgåve å stimulere til samfunnsengasjement og sikre kontinuitet i deltaking gjennom jamlege møter i ungdomsrådet. Saker ungdomsrådet jobbar med kan vere kultur- og fritidstilbod, skulesaker, miljøsaker, kollektivtilbod, helsetilbod, årsbudsjettet og økonomiplanen til kommunen.[121]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

117 Lov 2017-06-16-62 om endringer i kommuneloven m.m. (råd for eldre, personer med funksjonsnedsettelse og ungdom (endringslov til kommunelova m.m).

118 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

119 Regjeringen, «Ungdomsråd».

120 Time kommune, «Ungdomsrådet i Time kommune» og Namsos kommune, «Ungdomsrådet.»

121 Bufdir, «Ungdomsråd – ein rettleiar».

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Kultur |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |



## Studienemnda

I 1965 vedtok Stortinget ein proposisjon om vaksenopplæring der kommunane vart oppmoda om å opprette studienemnder som eigne kommunale utval.[122] Føremålet var å legge til rette for vaksenopplæring ved kommunale skular, i organisasjonar og bedrifter.[123]

Bakgrunnen for opprettinga var at ein såg at endringar i samfunnet gjorde at aukt utdanning blei viktig òg for vaksne og at utdanning er er ein livslang prosess. Kunnskap blir dessutan sett på som verdifullt i seg sjølv og er ein del av den einskildes levestandard.

Etter framlegg frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet skulle studienemnda høyre under skulestyret. Ho skulle veljast for fire år om gongen, burde ha minst fire medlemmer med interesse for vaksenopplæring og kjennskap til ulike skuleslag og verksemda til studieorganisasjonane. Kommunen bestemte om nemnda skulle veljast av kommunestyret, formannskapet eller skulestyret.[124]

Nemnda gav tilrådingar om dei einskilde vaksenopplæringstiltak til skulestyret som sendte søknad til kyrkje- og undervisningsdepartementet om godkjenning og tilskot. Skuleadministrasjonen, var sekretariat for studienemnda. Vaksenopplæring vart definert som all opplæring som ikkje var ledd i fyrstegongsopplæringa og omfatta all allmennutdannande og yrkes- og fagopplæring.[125] Studienemnda drev ikkje sjølv kursverksemd, men skulle vere kommunens kontaktorgan med opplysningsorganisasjonane (dvs. skular, organisasjonar, bedrifter) og gje dei rettleiing og økonomisk og praktisk stønad til det arbeidet dei gjorde.[126]

Med vaksenopplæringslova av 28. mai 1976 vart utvikling av vaksenopplæringen ein lovfesta oppgåve, og dei kommunale studienemndene vart erstatta av vaksenopplæringa.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

122 St.ptp nr. 92 (1964–1965).

123 *Ibid.*

124 Askøy kommune. Formannskapet «Kommunal studienemnd».

125 Sveio kommune. Formannskapet.

126 Askøy kommune. Formannskapet «Kommunal studienemnd».

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Undervisning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |

## Vaksenopplæringa

Vaksenopplæringa vart oppretta med heimel i vaksenopplæringslova av 28. mai 1976. Føremålet med lova var å «bidra til å gi mennesker i voksen alder likestilling i adgang til kunnskap, innsikt og ferdigheter som fremmer den enkeltes verdiorientering og personlige utvikling».[127]

Vaksenopplæringa har sine røter i dei kommunale studienemndene. Dette var ei frivillig ordning for kommunane, som hadde som føremål å leggje til rette for vaksenopplæring ved kommunale skular, i organisasjonar og bedrifter.[128]

Ansvaret for vaksenopplæringa har vorte fordelt mellom organisasjonar, stat, fylkeskommunar og kommunar. Skulestyret var lenge styringsorgan for fyrstegongsutdanning for vaksne i grunnskulen, medan kulturstyret, skulestyret eller eit eige organ var styringsorgan for den andre vaksenopplæring etter avgjerdene til kommunestyret.[129] I dag er vaksenopplæringa regulert av lover som vaksenopplæringslova, opplæringslova § 4A og § 4A-2 fyrste ledd, introduksjonslova og forvaltningslova.[130]

Vaksenopplæring tilbyr blant anna grunnskule for vaksne, vidaregåande opplæring og spesialundervisning på grunnskulenivå for vaksne, opplæring i norsk og samfunnskunnskap for innvandrarar, introduksjonsprogram, kveldskurs i norsk og engelsk og realkompetansevurdering. Vaksenopplæringa er som regel òg godkjend arrangør av norskprøva, samfunnskunnskapsprøva og statsborgarprøva.[131]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, kopibøker, postjournalar saksarkiv og elevmapper.

127 Lov 1976-05-25-35 om voksenopplæring (voksenopplæringsloven).

128 St.prp nr. 92 (1964-1965).

129 Norske Kommuners Sentralforbund. *Voksenopplæring* (Kommuneforlaget, 1979), s. 9.

130 Bergen kommune, «Grunnskoleopplæring for voksne, Bergen voksenopplæring» og Vestby kommune, «Voksenopplæring.»

131 Vestby kommune, «Voksenopplæring», Oslo kommune, «Voksenopplæring» og Kristiansund kommune, «Kristiansund voksenopplæring.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Undervisning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |



## Hovudutvalet for undervisning

Hovudutvalet for undervisning vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954. Utvalet eit resultat av KS sin evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.[132]

Hovudutvalet for undervisning var i funksjon frå tidleg 1980-talet og overtok oppgåvene til skulestyret. Utvalet var underordna kommunestyret, som vedtok reglar for val og samansetning, oppgåver, myndigheit og reglar for møteverksemd.[133] Hovudutvalet for undervisning vart i stor grad erstatta av nye utval og komitéar etter at kommunelova av 1992 opna for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.[134] I samsvar med grunnskulelova § 26 nr. 3 skulle utvalet ha minst 7 og maksimalt 35 medlemmer.[135] Medlemmene vart valt av kommunestyret for den kommunale valperioden.[136]

Hovudutval for undervisning sine oppgåver var å arbeide med alle dei undervisningsspørsmåla kommunen skulle handsame. Dette gjaldt forvalting av midlar, tilsetjingar, skiping av komitéar og nemnder, planarbeid og vaksenopplæring. I mange kommunar hadde hovudutvalet ansvaret for arbeidet med musikkskular, fritidsheimar og barnehagar. Hovudutvalet kunne gje uttale i alle saker som vedgjekk sektoren. Det fungerte som styre for undervisningsinstitusjonar, dersom ikkje anna var fastsett og skulle vere kommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med liknande arbeidsoppgåver. Hovudutvalet førte kontroll med at vedtak vart gjennomførte og utarbeidde årsmeldingar.[137]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

132 Stigen, «Hvorfor politiske utval og komiteer under kommunestyret.» *Regjeringen.no*.

133 Norske kommuners sentralforbund, *Håndbok - Hovedutvalg for undervisning* (Kommuneforlaget, 1987), s. 23.

134 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

135 Norske kommuners sentralforbund, *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1980), s. 51.

136 Norske kommuners sentralforbund, *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1987), s. 29.

137 *Ibid*, s. 30.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Undervisning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |

**Pedagogisk psykologisk teneste (PPT)**

Pedagogisk psykologisk teneste (PPT) er heimla i barnehagelova § 19 og i opplæringslova § 5-6.[138] Det finst store lokale forskjellar i korleis PPT er organisert. Tenesta kan anten vere reint kommunal, interkommunal eller fylkeskommunal. Fagsamansetninga kan òg variere.[139]

Byrjinga til tenesta kan sporast attende til etterkrigstida og dei store skulereformene som tok stad i tiåra som følgde.[140] Då byrja det gradvis å vekse fram ei forståing av at spesialpedagogiske behov i større grad burde møtast innanfor det vanlege skuleverket.[141] På midten av 1940-talet opna Noregs første skolepsykologiske kontor i Aker kommune, og andre kommunar følgde snart etter.[142] Utviklinga av skulepsykologitenesta utover landet var likevel ujamn, dels på grunn av lokale tilhøve.[143]

Ved ei endring av folkeskulelova av 1936, vart alle kommunane i landet i 1955 pålagt å tilby hjelpeundervisning (tidlegare særundervisning) til elevar som trong ekstra hjelp til å gjennomføra folkeskulen, men som hadde for moderate vanskar til å plasserast i spesialskular. Endringa av folkeskulelova skaut fart i utbygginga av skulepsykologtenesta, som seinare skulle bli pedagogisk-psykologisk teneste, då ein større del elevar enn tidlegare no hadde krav på hjelpeundervisning.[144]

Tenesta sine hovudoppgåver er å sikra at alle elevar, barn og vaksne, med behov for spesialpedagogisk hjelp får eit inkluderande, likeverdig og tilpassa tilbod.[145] PPT skal òg hjelpa skulane med kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling for å betra legga til rette for elevar med særlege behov. I dei tilfella der lova krev det, skal dei òg utarbeida sakkunnige vurderingar.[146]

Arkivet etter denne arkivskaparen inneheld som regel klientmapper.

138 Regjeringen, «Pedagogisk-psykologisk tjeneste.»

139 NOU (2009: 18) Rett til læring.

140 Helsvig, *1814-2014 Kunnskapsdepartementets historie* (Oslo: Kunnskapsdepartementet, 2014), s. 44.

141 St.meld. nr. 23 (1997-1998).

142 Utdanningsnytt, «Pedagogisk-psykologisk teneste.»

143 NOU (1983: 4) Pedagogisk-psykologisk rådgivningstjeneste.

144 Sorkmo, *Statped* (Oslo: Utdanningsdepartementet, 2011), s. 40.

145 Bergen kommune, «Pedagogisk-psykologisk tjeneste (PPT.)»

146 Lov 1998-07-17-61 om grunnskolen og den videregående opplæringen (opplæringsloven).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Pedagogisk-psykologisk teneste |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, utdanning og forskning |



**Utvalet for oppvekst, levekår, kultur og fritid**

Utval for oppvekst, levekår, kultur og fritid vart fastsett med heimel i kommunelova av 25. september 1992 § 10 nr 2 og § 39. Lova vart endra i 2018, med mindre konsekvensar for utval og nemnder.[147] Likevel heldt mange kommunar på den gamle ordninga med hovudutval med eigne mynde også etter kommunelova i 1992.[148]

Utvalet kan ha det politiske ansvaret for kommunen sitt arbeid med barnehagar, undervisning, barnevern, andre tiltak for barn og unge, helsetenester, pleie- og omsorgstenester, sosialtenester og edruskapsvern, individretta kulturtiltak, idrett og andre fritidstiltak. Utvalet kan også ha andre ansvarsområde. Det skal i tillegg ta omsyn til moglege miljøkonsekvensar i alle saker innanfor sitt ansvarsområde. I saker utvalet ikkje har vedtaksmynde, skal det gje tilråding til kommunestyret og plan- og næringsutvalet.[149]

Etter kommunelova kan slike utval opprettast etter behov i dei einskilde kommunane, og både ansvarsområde og namn kan difor variere. Alle medlemmar av utval for oppvekst, levekår, kultur og fritid veljast direkte av kommunestyret, og eit slikt utval må han minst tre medlemmar.[150]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

147 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

148 Ullensvang kommune. Formannskapet «Reglement for oppvekst og levekårsutvalet.»

149 *Ibid.*

150 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Oppvekst og levekår |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, undervisning og forskning |

## Musikk- og kulturskulen

Musikk- og kulturskulen vart vedtatt som eit lovfesta kommunalt tilbod av Stortinget i 1997: «Alle kommunar skal aleine eller i samarbeid med andre kommunar ha eit musikk- og kulturskuletilbod til barn og unge, organisert i tilknyting til skuleverket og kulturlivet elles.» Skulen har sin heimel i opplæringslova av 17. juli 1998 § 13-6.[151]

Musikk- og kulturskulen gjer opplæring innan kunst- og kulturfag, og er tilpassa ulike aldersgrupper. Målet er å bidra til å bygge den estetiske, sosiale og kulturelle kompetansen til barn og unge, samt å utvikle evne til kritisk refleksjon og sjølvstendige val.[152]

Skulen har sine røter i dei kommunale musikkskulane som etablerte seg på 1950-og 1960-talet. I 1990-åra vart innhaldet i musikkskulane utvida med andre kulturelle uttrykk som dans, drama og teater, bildekunst, litteratur, kulturminnevern og husflidteknikkar. Skulane endra da namn til musikk- og kulturskular.[153]

Kommunen kan sjølv bestemme innhaldet og omfanget av tilbodet i musikk- og kulturskulen. Dette medfører ein variasjon i musikk- og kulturskuletilbodet rundt om i landet. Det er vidare opp til kommunane om dei ønsker å stå for tilbodet aleine, eller om dei ønsker å samarbeide med andre kommunar om eit musikk og kulturtilbod til barn og unge.[154]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, kopibøker, postjournalar, saksarkiv, elevmapper, rekneskap og foto, film og lydopptak.

151 LOV-1998-07-17-61 Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

152 Utdanningsdirektoratet, «Kulturskolen.»

153 St.meld. nr. 39 (2002-2003).

154 Lov 1998-07-17-61 om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Undervisning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Institusjon |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Kyrkje, kultur, undervisning og forskning |



## Teknisk etat

Teknisk etat har ansvaret for dei tekniske oppgåver, lovpålagte og sjølvpålagte, som er lagt til kommuneforvaltinga. Blant hovudoppgåvene er kartlegging og oppmåling, regulering, kontroll med offentlege og private byggeverksemder, brannvern og feiing, hamner, renovasjon, vatn og avlaup, vegar og gater.[155]

Dei lovpålagte oppgåvene dreier seg generelt om kontroll og godkjenning på vegne av staten og utarbeiding av planar for kommunen si verksemd for å trygga gjennomføring av rikspolitiske mål. Ei rekkje lover inneheld føresegner som regulerer teknisk etats arbeid. Blant dei viktigaste er plan- og bygningslova av 14. juni 1985, delingslova av 23. juni 1978, brannlova av 29. mai 1970, forureiningslova, veglova av 21. juni 1963 og hamnelova av 24. juni 1933.[156] Bygningslovas § 9 slår fast at alle kommunar skal ha eit bygningsråd, brannlova §6 pliktar alle kommunar til å ha eit brannstyre og hamnelova § 3 krevjar at alle hamnedistrikt skal ha eit hamnestyre. Desse reknast alle som kommunaltekniske oppgåver. Kommunen kan òg opprette andre råd og nemnder under teknisk sektor.[157]

Teknisk etat avløyste Kommuneingeniørkontoret etterkvart som stadig fleire tekniske oppgåver blei lagt på kommunane. Namnebytet skjedde oftast på 1960- og 1970-talet. I ei utgreiing frå 1977 føreslo KS at kommunane skulle opprette eitt utval for kvar hovudsektor.[158] Utover 1980- og 1990-talet gjekk stadig fleire kommunar over til denne organisasjonsforma og vi fekk teknisk hovudutval.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, postjournalar og saks- og prosjektarkiv.

155 Norske kommuners sentralforbund. *Håndbok - Hovedutvalg for teknisk sektor* (Kommuneforlaget, 1983), s. 23-29.

156 Folkets Brevskole, *Saksbehandleropplæring for teknisk sektor* (Kommuneforlaget, 1990).

157 Pettersen, *Kommunale nemnder - valg av nemnder* (Oslo: Sem & Stenersen, 1972), s. 53-55.

158 Norske kommuners sentralforbund. *Revurdering av nemndstrukturen i kommunene – et diskusjonsgrunnlag* (Kommuneforlaget, 1980), s. 3.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Tekniske administrasjoner |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljøforvaltning, tekniske oppgåver |

### Hovudutvalet for teknisk sektor

Hovudutvalet for teknisk sektor vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954, og var eit resultat av KS sin evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.[159]

Hovudutvalet for teknisk sektor var i funksjon frå tidleg 1980-talet og overtok dei oppgåvene som normalt hadde falle til teknisk styre. Utvalet var underordna kommunestyret som hadde den politiske leiarrolla og det overordna ansvaret for planlegging.[160] Utvalet vart i stor grad erstatta av nye utval og komitéar etter at kommunelova av 1992 opna for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.[161]

Medlemmane i hovudutvalet var valt av kommunestyret for den kommunale valperioden. Det var ikkje lagd føringar på kor mange medlemmar utvalet skulle ha. Kommunestyret valde leiar og nestleiar.[162]

Hovudutvalet for teknisk sektor var det samordna organet for tekniske spørsmål i kommunen og tok for seg kommunaltekniske saker i form av samferdsel, bustadutbygging, energispørsmål, drifts- og vedlikehaldsoppgåver og beredskapsoppgåver. Viss ikkje anna var bestemt fungerte hovudutvalet som bygningsråd, brannstyre og husnemnd i kommunen.[163] Utvalet hadde ansvaret for ei planfast, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren. I saker som gjaldt skiping av faste underutval, tilsetjingar og avsetjingar og samarbeid med nabokommunar og fylkeskommunen hadde utvalet uttalerett.[164]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

159 Stigen, «Hvorfor politiske utval og komiteer under kommunestyret.» *Regjeringen.no*.

160 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1987), s. 37.

161 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

162 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1987), s. 24

163 *Ibid*, s. 37-39.

164 Ibid, s. 24-25.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Tekniske administrasjoner |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljø forvaltning, tekniske oppgåver |



### Trafikkrådet

Landsrådet for Trygg Trafikk tilrådde i 1967 at det vart oppretta trafikkråd i kommunane og at desse råda burde bestå av lokalkjende representantar for alle trafikkgrupper, medrekna syklistar og mopedistar. Trafikkråd i fylkene og kommunane vart oppretta i samband med Aksjon trafikksikkerheit i 1974 og 1975. Samferdsledepartementet oppfordra i eit brev av 22. oktober 1975 fylker og kommunar om å halda fram trafikksikringsarbeidet og å gjere trafikkråda til eit permanent organ. I løpet av 1970-talet hadde mange kommunar og fylker oppretta faste trafikkråd.[165]

Rådet var heimla i kommunelova av 12. oktober 1954 § 25 som seier at kommunestyret kan opprette faste utval for kommunale føremål eller for delar av kommunens verksemd som ikkje er lagt under eige styre.[166]

Trafikkrådet skal ha minst tre medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer og blant desse leiar og nestleiar. Rådet kan gjevast avgjerdsmynde der ikkje anna fylgjer av lov. Medlemmene blir oftast valt for kommunevalperioden. Kommunestyret fastset sjølv området for rådets verksemd.

Trafikkrådet skal arbeide for gode og trygge trafikk- og kommunikasjonstilhøve i kommunen og gje råd i spørsmål som gjeld trafikktrygging. Trafikkrådet kan gjere vedtak eller gje fråsegner eller tilrådingar til formannskap, rådmann, skulesjef og teknisk kontor om trafikktryggleik. Rådet handsamar til dømes saker som gjeld skilting og veglys, fjerning av trafikkfeller og oppretting av gang- og sykkelvegar. Trygging av skulevegar er gjerne ei prioritert oppgåve, difor ligg trafikkrådet i mange kommunar under skulekontoret. I tillegg driv gjerne rådet med opplysningsarbeid og bidreg i ymse trafikktryggingsaksjonar.[167]

Trafikkrådet arbeider under råda og intensjonane til Samferdsledepartementet og fylket sitt trafikkråd.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

165 Trafikksikringsutvalget i Hordaland, *Skiping av kommunale trafikksikringsutval* (1974).

166 Lov om styret i herreds- og bykommunene av 12 november 1954.

167 Askøy kommune. Formannskapet «Instruks for trafikksikringsutvalget.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Veier og trafikk |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljør forvaltning, tekniske oppgåver |

**Samferdselsutvalet**

Dei kommunale samferdselsutvala er oppretta med heimel i § 5-7 av kommunelova av 22. juni 2018. Lova slår fast at kommunestyret sjølv kan opprette utval for kommunale føremål og behov.

Utvalet er underlagt formannskapet, og har overtatt oppgåver som tidlegare var lagt til hovudutvalet for teknisk sektor.[168] Med kommunelova av 1992 sto kommunane friare til å utnemne utval og bestemme oppgåvene og ansvarsområda deira.[169] Dette gjer at samferdselsutvalet har hatt varierande oppgåver i dei ulike kommunane. Utvalet kan vere samanslått med andre område i kommunen, som for eksempel samferdsels- og miljøutvalet og klima-, økologi og samferdselsutvalet.[170]

Samferdselsutvalet har ansvar for oppgåver knytt til veg, buss, ferje, men kan og ha oppgåver innan drosjenæringa, parkering, luftransport og andre saker som naturleg fell inn under samferdsel.[171] For samferdselsutval som er samanslått med andre område i kommunen kan klima og forureining, brannvern og feiing, renovasjon og naturforvaltning falle inn under utvalet sitt ansvarsområde.[172]

Utvalet er eit politisk arbeidsutval som berre har delegert mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker. Saker som har prinsipiell betydning blir behandla i formannskapet.[173]

Arkiv etter dette arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

168 Norske kommuners sentralforbund. *Ny nemndstruktur* (Kommuneforlaget, 1980).

169 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) og Lund, *Styringssystemet i Oslo kommune* (Oslo: Kommuneforlaget 1995).

170 Oslo kommune, «Samferdsels- og miljøutvalget» og Lørenskog kommune, «Politiske utvalg og folkevalgte.»

171 Ibestad kommune, «Mandat for samferdselsutvalget i Ibestad kommune», Oslo kommune, «Samferdsels- og miljøutvalget» og Alstahaug kommune, «Samferdselsutvalget: Reglement for samferdsutvalget.»

172 Oslo kommune, «Samferdsels- og miljøutvalget» og Lørenskog kommune, «Politiske utvalg og folkevalgte.»

173 Alstahaug kommune, «Samferdselsutvalget: Reglement for samferdsutvalget.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Tekniske oppgaver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljør forvaltning, tekniske oppgaver |



**Planutvalet (Plan- og bygningsutvalet)**

Planutvalet vart oppretta med heimel i plan- og bygningslova av 1985.[174] Lova vart endra 11. juni 1993 i høve den nye kommunelova. Endringane omhandla hovudsakleg organisatoriske føresegner, sakshandsamingsreglar og statlege godkjennings- og kontrollføresegner. Etter § 9-2 vart det avgjort at kommunen skal ha eit fast utval for plansaker.

Føremålet med den gjeldande plan- og bygningslova (2008) er å fremje berekraftig utvikling, samordne offentlege oppgåver, trygge at byggetiltak vert utført i samsvar med lova og at sakshandsaminga vert forsvarleg utført.[175]

Kommunestyret vel representantar til planutvalet, som skal ha minst tre medlemmar med varamedlemmar. Utvalet vel sjølv nestleiar og leiar. Utvalet kan ofte gje leiar eller eit arbeidsutval mynde til å treffe vedtak i enkeltsaker eller saker som ikkje har prinsipiell tyding.

Planutvalet arbeider med planlegging av arealbruken i kommunen. Desse planane er bindande for nye tiltak, og skal innehalde arealføremål som landbruk, busetnad og friluftsliv. Reguleringsplanar skal utformast der lova pålegg det, eller der det går fram av arealplanen. Desse vert utarbeida som områderegulering (jf. § 12-2) eller detaljregulering (jf. § 12-3). Planutvalet handsamar saker som vedkjem innløysing, erstatning, ekspropriasjon, utbyggingsavtaler og saker som vedkjem veg, vatn og avlaup. I mange kommunar er også byggesakshandsaminga lagt til Planutvalet, og skal fylgje byggesaksføresegnene av 2010.[176] Som fylgje av endringane i 1993 vart føresegner om bygging, deling og refusjon ikkje lenger lagt til bygningsrådet.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

174 Lov-1985-06-14-77, Plan- og bygningslov (plan- og bygningsloven).

175 Lov-2008-06-27-71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven).

176 Forskrift 26. mars 2010 nr. 488 om byggesak (byggesaksforskriften).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Bygnings-, nærings- og oppmålingsvesen |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljør forvaltning, tekniske oppgaver |

### Utvalet for plan og utvikling

Utvalet for plan og utvikling er oppretta med heimel i § 5-7 i lov om kommunar og fylkeskommunar av 22. juni 2018. Lova gir kommunestyret mynde til å opprette utval for kommunale føremål og behov. Ansvarsområdet og samansetjinga til utval for plan og utvikling vil difor variere mellom dei ulike kommunane.[177]

Utvalet kan vere kommunen sitt faste utval i plansaker (jf. plan- og bygningslova § 3-3) og er klageorgan for administrative vedtak etter plan- og bygningslova.[178] I tillegg til å fungere etter gjeldande lovverk og føresegner for sitt driftsområde skal utvala òg følgje kommunale vedtak og reglement.[179] Utvalet for plan og utvikling har overteke oppgåver som tidlegare fell på utval som planutvalet, teknisk utval, trafikktryggingsutvalet og landbruksnemnda.

Utvalet for plan og utvikling ligg under kommunestyret som vel leiar, nestleiar og andre medlemmer og varamedlemmer til utvalet. Medlemmene blir valt for den kommunale valperioden. Utvalet held møter etter møteplan som er vedteke av kommunestyret eller når leiar eller ⅓ av medlemmene krev det.[180]

Utval for plan og utvikling har ansvar for saksområde og tenester som kommuneplan, arealplanlegging, arealforvaltning, jordlovsaker, landskapsvern, brann og beredskap, miljø og forureining, trafikktrygging, samferdsle, eigedomsforvaltning og vatn og avlaup.[181]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

177 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) og Levanger kommune, «Reglement for plan- og utviklingsutvalget.»

178 Lunner kommune, «Reglement for plan- og utviklingsutvalget.»

179 Narvik kommune, «Hovedutvalg plan og utvikling.»

180 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven) og Narvik kommune, «Hovedutvalg plan og utviling».

181 Lunner kommune, «Reglement for plan- og utviklingsutvalget» og Fauske kommune, «Hvem sitter i de ulike utvalgene?»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Bygnings-, nærings- og oppmålingsvesen |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljørforvaltning, tekniske oppgåver |



### Kommunale næringsfond

Kommunale næringsfond er ei kommunal finansieringsordning med heimel i Stortingets budsjettvedtak, og er med på å forvalta og følgja opp kap. 550.64, kap. 553.60 og kap. 553.65. Desse midla blir òg forvalta av fylkeskommunane. I 1984 presenterte Bygdeutvalet eit forslag til ei prøveordning med kommunale næringsfond gjennom NOU 1984-21A- «Statleg støtte til distrikta».[182] Om lag 20 kommunar var med på denne ordninga. Likevel hadde mange kommunar, særleg kraftkommunar, oppretta slike fond mange år tidlegare.

Frå og med 1987 vart kommunale næringsfond eit fast punkt på budsjettet til kommunaldepartementet. I 1991 vart dei integrerte som ein del av distriktspolitiske verkemiddelapparat, som t.d. saman med dei fylkeskommunale Bygdeutviklingsfondane (BU-fonda). Fram til 1994 var kommunane sine aktivitetar og engasjement med næringsutvikling formelt frivillig, men med nokre føringar og krav frå høgare forvaltningsnivå. Frå og med 1. januar 1994 var kommunane til næringspolitiske aktørar med lovpålagt delegert myndigheit til å ta hand om arbeidet, og rett til å vera næringspolitiske aktørar.[183]

Næringsfonda har som formål å styrka nyskaping, innovasjon og næringsutvikling i kommunar som ligg innanfor det distriktspolitiske verkeområdet definert av Kommunal- og regionaldepartementet.[184] Dei kommunale næringsfonda er underordna kommunestyret.

Midla i dei kommunale næringsfonda skal ifølgje kapittel 1, § 1 «bidra til omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta». Det inneber mellom anna at kommunane skal legga til rette for, og utvikla kommunalt næringsliv. Kommunane skal fordela tilskot slik at det bidrar til å inkludera tilflyttarar og styrka sårbare næringsmiljø. Tilskota skal òg bidra til å etablera nye arbeidsplassar i kommunar som opplever vesentleg reduksjon i sysselsetjinga.[185]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, brevkopiar og saksarkiv.

182 NOU 1984: 21-A Statlig næringsstøtte i distriktene.

183 Teigen, *Effektar av den smale distriktspolitikken* (2003), s. 35.

184 Kommunal- og regionaldepartementet (2012): s. 6-7.

185 Forskrift 2018-05-23-747 om Kommunal- og moderniseringsdepartementets distrikt- og regionalpolitiske tilskuddsposter forvaltet av fylkeskommunene (forskrift for distrikts- og regionalpolitiske virkemidler).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Nærings- og ressursforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljø forvaltning, tekniske oppgåver |

### Kommuneskog

Kommuneskog er stort sett organisert som kommunale føretak oppretta med heimel i kommunelova av 6. juni 2018 kapittel 9. Kommuneskog vart oppretta med heimel i Skogvernlova av 1965, som sat at Landbruksdepartementet kunne, med tanke på skogområda i kommunen, underlegge skogane eit særskilt styre med medlemar valt av kommunestyret.[186]

Denne lova vart erstatta av den nye skogbrukslova av 2005 som gjer kommunane ulike ansvarsoppgåver i forvaltning av kommunane sine eigne skogområde, og at statsforvaltaren er skogbruksstyremakt for skogområda som kommunane eller fylkeskommunane eigar, jf. Skogbrukslova § 3.[187]

Kommunane sitt styre for kommuneskog har ulike hovudmål, og har som oppgåve å realisere desse, i tillegg til å holde tilsyn med verksemda og sørge for at føretaket gjennomfører ulike oppgåver i medhald til forskrifter, lovar og andre pålegg.[188]

Føremålet ved opprettinga av kommuneskogane er at dei skal forvalte skogeigedomane og naturressursane til kommunen, og dermed opptre som ein aktør for naturbasert næringsliv. Kommuneskogane skal sørge for ein framgang i næringsverksemd gjennom skogbruk, jakt, fiske og ytterlegare fritidstilbod.[189]

Tilsette i kommuneskogen kan dermed ha ansvar for oppgåver som tilsyn og vedlikehald av blant anna utleigehytter, flytebryggjer, informasjonstavler, og sal av jakt og fiskekort.[190]

Saman med ei økonomisk forsvarleg drift skal det og vere fokus på fleirbruksomsyn. Alle brukargrupper, frå fisk- og viltinteresse til biologisk mangfald, skal tas omsyn til.[191] I tillegg skal drifta av eigedomane samhandle med ein berekraftig og langsiktig praksis som er med på å danne ressursar for framtida.[192]

Oppgåvene som blir utført er regulert av lovar som jordlova, konsesjonslova, odelslova og viltlova.

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, saksarkiv, spesialseriar og rekneskap.

186 Pettersen, *Kommunale nemnder* (Oslo: Sem & Stenersen, 1967).

187 Lov 2005-27-31 om skogbruk (skogbrukslova).

188 Steinskjer kommuneskoger, «Om foretaket.»

189 *Ibid*.

190 Rakkestad kommune, «Kommuneskogen.»

191 Holmestrand kommune, «Kommuneskog.»

192 Steinskjer kommuneskoger, «Om foretaket.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Nærings- og ressursforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Offentlig foretak |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljøforvaltning, tekniske oppgåver |



### Naturressursutvalet

Naturressursutvalet vart oppretta med heimel i § 10 i kommunelova av 25. september 1992.[193] Lova gav kommunestyret mynde til å oppretta utval for kommunale føremål og behov. Ansvarsområdet og samansetjinga til naturressursutvala kan difor variere.[194]

Naturressursutvalet sine forvaltningsoppgåver var knytt til lovverk om vilt, friluftsliv, laksefiske, innlandsfiske og motorferdsel i utmark. Utover dette fastsette det einskilde kommunestyret området for naturressursutvalet si verksemd. Utvalet overtok dei oppgåvene som tidlegare hadde høyrt til viltnemnda, innlandsfiskenemnda og fjellstyret. Utvalet var underlagt kommunestyret og vart valt for den kommunale valperioden. Kommunestyret valte leiar, nestleiar, medlemmer og varamedlemmer til utvalet. Naturressursutvalet heldt møter etter krav frå leiar eller når minst tre av medlemmene kravde det.[195]

Naturressursutvalet skulle fatte vedtak og ta avgjerder om regulering og utbygging i viktige viltområde, rett til jakt i sameigestrekning, villkår for felling av vilt og regulering av ferdsel i utmark. Utvalet skulle vidare gje utsegner om fiske og friluftsliv i kommunen, fremje og ta opp miljøsaker og miljøspørsmål og vurdere kommunen sin innsats for miljøvern.[196]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

193 Fjell kommune. Formannskapet «Val av naturressursutval.»

194 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

195 Alstahaug kommune, «Reglement for naturressursutvalget.»

196 Alstahaug kommune, «Reglement for naturressursutvalget» og Fjell kommune. Formannskapet «Val av naturressursutval.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Nærings- og ressursforvaltning |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Næringsliv, kommunikasjon, ressurs og miljøforvaltning, tekniske oppgåver |

## Sosialstyret

Sosialstyret vart oppretta med heimel i sosialomsorgslova 5. juni 1964. Lova påla alle kommunar å etablere eit sosialstyre og ein sosialadministrasjon. Sosialstyret erstatta det tidlegare fattig-/forsorgstyret og skulle sikre at føresegna i sosialomsorgslova vart følgd.[197]

Sosialstyret var i funksjon fram til midten av 1980-talet. Med endringar i nemndstrukturen i norske kommunar, der talet på nemnder vart reduserte og erstatta av fem hovudutval, vart sosialstyret i stor grad erstatta av hovudutval for helse og sosial frå 1980 og utover.

Sosialstyret hadde sitt virke i den einskilde kommune, og fekk sitt politiske ansvar og oppgåver frå kommunestyret. Sosialstyret var ansvarleg for at barnevernsnemnda og edruskapsnemnda var i funksjon, og skulle ved eventuelle forsømingar gripe inn. Utover dette var både barnevernsnemnda og edruskapsnemnda sjølvstendige fagorgan som tok eigne avgjerder.[198]

Etter § 7 i sosialomsorgslova skulle sosialstyret ha minst 5 medlemar. Medlemmer og varamedlemmer, samt formann og nestformann skulle veljast av kommunestyret. Medlemmane var valt for den kommunale valperioden.[199]

Sosialstyret skulle sikre at innbyggjarane i kommunen fekk det sosiale vernet dei hadde krav på. Styret skulle samordne det sosiale arbeidet i kommunen, ha tilsyn med sosiale institusjonar og drive aktivt informasjonsarbeid om folks rettar og særskilde kommunale tilbod. Informasjonsplikta innebar også å gi opplysningar, råd og rettleiing til enkeltpersonar. Sosialstyret skulle vidare sørge for at formannskap og kommunestyre var oppdatert og informert om den sosiale situasjonen i kommunen.[200]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

197 Norske kommuners sentralforbund. *Håndbok - Sosialstyre* (Kommuneforlaget, 1979), s. 11 og 33.

198 *Ibid*, s. 11-12.

199 Sosialdepartementet, *Lov om sosial omsorg av 5. juni 1964 de enkelte paragrafer med merknader*: s. 41.

200 Norske kommuners sentralforbund. *Håndbok - Sosialstyre* (Kommuneforlaget, 1979), s. 11-12.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgaver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



## Hovudutvalet for helse og sosial

Hovudutvalet for helse og sosial vart oppretta med heimel i § 25 av kommunelova av 12. november 1954. Utvalet var eit resultat av KS sin evaluering av nemndstrukturen i norske kommunar frå 1977. Evalueringa førte til at talet på nemnder i kommunane vart reduserte og erstatta av fem utval som spegla hovudområda for kommunal sektor: administrasjon, undervisning, helse og sosial, kultur og teknisk sektor.[201]

Hovudutvalet for helse og sosial vart etablert frå tidleg 1980-talet og skulle styre og samordne arbeidet i helse- og sosialsektoren.[202] Utvalet var underlagt kommunestyret og overtok dei oppgåvene som normalt hadde falle til sosialstyret.29 Utvalet vart igjen erstatta av nye utval og komitéar etter at kommunelova av 1992 opna opp for ei friare organisering av politiske organ i kommunane.[203]

Hovudutvalet bestod av medlemmar med varamedlemmar, som vart valt av kommunestyret for den kommunale valperioden. Tal på medlemmar og varamedlemmar varierte mellom kommunane.[204]

Hovudutvalet for helse og sosial sine oppgåver omfatta mellom anna førebyggande sosialarbeid, familievern, barnevern, eldreomsorg, omsorg for funksjonshemma, edruskap og barnehagar.[205] Utvalet hadde ansvar for å sørge for ein planmessig og økonomisk organisering av sektoren, delegere myndigheit om avgjerder til administrasjonen, samt føre kontroll med at vedtak vart sett i verk. Viss ikkje anna var bestemt fungerte utvalet som styre for helse- og sosialinstitusjonar. Utvalet skulle vidare sørge for ei samordning og eit samarbeid med andre offentlege og private verksemder og enkeltpersonar med tilsvarande oppgåver. Ved saker som gjaldt oppretting, endring og inndraging av stillingar hadde utvalet rett til å uttale seg.[206]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

201 Stigen, «Hvorfor politiske utval og komiteer under kommunestyret.» *Regjeringen.no*.

202 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1987), s. 19-20.

203 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

204 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1987), s. 19.

205 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget, 1980), s. 42.

206 Norske kommuners sentralforbund. *Normalreglement for hovedutvalg i kommunene* (Kommuneforlaget 1987), s. 19-20.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

**Utvalet for helse, sosial og omsorg**

Utvalet for helse, sosial og omsorg vart oppretta med heimel i § 10 a. nr. 1 i kommunelova av 25. september 1992. Lova opna opp for ei friare organisering av politiske utval i kommunane, men mange kommunar valde likevel å behalde den tidlegare ordninga med hovudutval. I 2018 vart kommunelova endra, med enkelte mindre konsekvensar for kommunale utval og nemnder.[207]

Utvalet ligg under formannskapet, og er eit av dei politiske hovudutvala til kommunen. Utvalet har ofte delegert avgjerdsmakt i alle saker som er knytt til helse- og sosialspørsmål, med unntak av dei oppgåvene som er lagt til kommunestyre, formannskap, administrasjonsutval eller kontrollutval.[208] Kommunestyret vel leiar, nestleiar og andre medlemmer av utvalet. Utvalet skal ha minst tre medlemmer.[209]

Utvalet for helse, sosial og omsorg kan vere ansvarleg for kommunen sitt arbeid med helse- og omsorgstenester, eldrepolitikk, psykisk helsevern, sosialtenester, smittevern, bustøtte og pasient- og brukarrettar. Andre oppgåver kan òg førekomme.[210] Arbeid med heimebaserte tenester, sjukeheim, NAV og integrering og mangfald er blant gjeremåla som kan vere underlagt ansvarsområdet til utval for helse, sosial og omsorg.[211]

Etter kommunelova av 22. juni 2018 § 5-7 kan utvalet for helse, sosial og omsorg bli oppretta etter behov i dei enkelte kommunane. Ansvarsområde, oppgåver og utvalet sitt namn kan difor variere.[212]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

207 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

208 Kongsberg kommune, «Reglement for hovedutvalg.»

209 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

210 Bergen kommune, «Om utvalg for helse og sosial» og Gjøvik kommune, «Politisk delegeringsreglement 2021-2024.»

211 Gjøvik kommune, «Politisk delegeringsreglement 2021-2024» og Nesodden kommune, «Helse, omsorg og sosial».

212 Lov 2018-06-22-83 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



**Eldrerådet**

Med eldrerådslova av 8. november 1991 vart kommunane pliktige ved lov til å ha eit eige eldreråd. Norsk pensjonistforbund og Landsorganisasjonen i Noreg hadde arbeidd for lovpålagte eldreråd i kommunane og fylkeskommunane sidan 1978. I 1987 kom Sosialdepartementet med nye retningslinjer for eldreråd i kommunane der det vart tilrådd at kvar kommune skulle ha sitt eige eldreråd. Fram til 1991 måtte forslag om eldreråd bli fremma og vedteke i kommunestyret.[213]

Bakgrunnen for den nye lova var den låge representasjonen av eldre i kommunane. Samstundes som at eldre over 70 år utgjorde 20 % av dei stemmeføre i landet, vart det i kommunestyra berre 0,7 % av medlemmane som var eldre enn 70 år. Etableringa av eldreråd ville bidra til å sikra ein brei, open og tilgjengeleg medverknad i saker som gjaldt eldre.[214]

Medlemmane av eldrerådet blir valde av kommunestyret, og blir valt for den kommunale valperioden. Kommunestyret avgjer òg kor mange medlemmer eldrerådet skal ha, men eldrerådet vel sjølv leiar og nestleiar. Fleirtalet av eldrerådet skal vera pensjonistar.[215]

Rådet skal fungera som eit rådgivande organ for kommunen, og har dei saker som gjeld levekår for eldre som arbeidsområdet sitt. Under dette fell mellom anna budsjett og kommuneplanar, tiltak og planar for helse- og sosialsektoren, samferdsel og kommunikasjon, og kulturelle tiltak for eldre. Rådet skal kunna uttala seg om alle framlegg som gjeld eldre før kommunestyret tar stilling til framlegget. Rådet kan òg sjølv ta opp saker som rører eldre i kommunen.[216]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og referatprotokollar.

213 OT.prp. nr. 68 (1990-1991).

214 *Ibid.*

215 Regjeringen, «Hvordan eldreråd arbeider.»

216 Regjeringen, «Hvordan eldreråd arbeider» og Regjeringen, «Hva er eldreråd?»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

**Rådet for personar med funksjonsnedsetjing**

Rådet for personar med funksjonsnedsetjing vart oppretta med heimel i kommunelova § 5-12. Lova seier at kommunestyret og fylkestinget sjølv skal velja rådet, som har rett til å uttala seg i saker som høvesvis gjeld eldre, personar med funksjonsnedsetjing og ungdom. Departementet gir forskrifter om oppgåver, organisering og saksbehandling for råda.[217]

Rådet er eit lovpålagt, rådgivande organ i kommunar og fylkeskommunar. Rådet har som oppgåve å gi innspel i saker som gjeld levekåra til personar med funksjonsnedsetjing, og er del av desse sakene før politikarane fattar dei endelege vedtaka sine. Tilrådingane i rådet vil vera ein sentral del av avgjerdsgrunnlaget.[218]

Rådet for personar med funksjonsnedsetjing arbeider for å styrka innverknaden til personar med funksjonsnedsetjing og deltaking på alle samfunnsområde.[219] Som rådgivande organ vil rådet hovudsakleg jobba med saker på eit overordna nivå som til dømes med budsjett og kommuneplanar. Dette kan vera saker knytt til eit sjølvstendig liv på område som barnehage, skule, arbeid, helse- og omsorgstenester, transport, kultur og fritid.[220]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker.

217 Regjeringen, «Råd for personer med nedsatt funksjonsevne.»

218 Asker kommune, «Råd for personer med funksjonsnedsettelse.»

219 Bergen kommune, «Kommunalt råd for funksjonshemmede.»

220 Regjeringen, «Råd for funksjonshemmede.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



**Innvandrarrådet**

I siste halvdel av 1990-talet var innvandrarråd oppretta i fleire av dei største kommunane. Sidan da har innvandrarråd, og kjent som fleirkulturelt råd mfl., etablert seg i både små og store kommunar over heile landet.[221] Det er ikkje lovpålagt for kommunane å ha innvandrarråd, men for dei som vel å opprette slike råd blir tenestetilbodet regulert av lovar som kommunelova, forvaltningslova og offentleglova.[222]

Kommunen vel rådet sin samansetning og valperiode. Som regel har innvandrarråd fem eller fleire medlemar som sitt i rådet gjennom kommunestyreperioden på 4 år. Medlemane er ofte nominert frå innvandrarmiljø og politiske parti.[223] Rådet skal vere partipolitisk uavhengig.[224]

Rådet fungerer som eit rådgjevande organ for kommunen, og har saker som gjeld innbyggjarar med innvandrarbakgrunn, nasjonale minoritetar og urfolk som sitt arbeidsområde. Innvandrarråd skal arbeide for å fremme forståing og kontakt mellom fleirkulturelle minoritetar og det offentlege. Dette inneber å gi råd til kommunen om korleis innvandrarar kan bli involvert og motivert til å delta i utviklinga av lokaldemokratiet og nærmiljøet. Rådet kan på eiget initiativ ta opp saker som har betydning for innbyggjarane dei representerer.[225]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker og saksarkiv.

221 St.meld. nr. 17 (1996-1997).

222 Regjeringen, «Lokaldemokrati i et flerkulturelt samfunn.»

223 Larvik kommune, «Innvandrerrådet.»

224 Bodø kommune «Flerkulturelt råd.»

225 Regjeringen, «Lokaldemokrati i et flerkulturelt samfunn» og Oslo kommune, «Rådet for flerkulturelle minoriteter i Oslo.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

## Barnehagenemnda

Barnehagenemnda vart oppretta med heimel i § 6 i barnehagelova av 6. juni 1975.[226] Her vart det stilt krav om at kvar kommune skulle ha ei barnehagenemnd. Lova og nemnda var viktige ledd i etableringa av barnehageutbygging og -drift som ei kommunal oppgåve. Lova skildrast som eit verkemiddel for å oppmode kommunane til auka innsats i utbygginga av barnehagar.[227]

Barnehagenemnda var i funksjon frå 1970-talet og fram til første halvdel av 1990-talet. Det var lenge vanleg at helse- og sosialstyret eller skolestyret fungerte som barnehagenemnd med eiga møtebok. På byrjinga av 1990-talet hadde barnehageutbygging og -drift etablert seg som ei kommunal oppgåve, og departementet såg det ikkje lenger naudsynt å halde på kravet om barnehagenemnder.

Med kommunelova av 25. september 1992 vart oppgåvene til barnehagenemnda lagt til kommunen. Kommunestyret kunne delegere oppgåvene til det organ det måtte finne høveleg, gjerne til organ hadde ansvar for skule og oppvekst. Kommunestyret kunne òg delegere tilsynsoppgåver til administrasjonen.[228]

Hovudoppgåva til barnehagenemnda var å førebu barnehagesaker for handsaming i kommunestyret, men nemnda hadde òg vedtaksmynde i somme saker. Nemnda hadde ansvar for arbeid med plan for utbygging av barnehagar og framlegg om vedtekter for barnehagane for kommunestyret. Barnehagenemnda hadde òg ulike oppgåver knytt til godkjenning av barnehagar og familiebarnehagar, opptak av barn, framlegg til budsjett, og tilsyn med kommunale og private barnehagar i kommunen.[229]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, saksarkiv, personalmapper og rekneskap.

226 Lov 1975-06-06-30 om barnehager m.v. (barnehageloven).

227 Ot.prp. nr. 59 (1992-1993) 4.1.1a.

228 Lov 1992-09-25-107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).

229 Ot.prp. nr. 59 (1992-1993) 4.1.1a.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Barnehage |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



## Heimesjukepleia

Kommunal heimesjukepleie er ei lovpålagt teneste som er heimla i § 3-1 og § 3-2 i helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011.[230] Lova pålegg kommunane å tilby nødvendig helsehjelp og rettleiing til heimebuande som ikkje klarer å ivareta sine grunnleggjande behov som følgje av sjukdom, skade eller funksjonsnedsetjing. Tenesta skal bli tilbydd fastbuande og personar som oppheld seg mellombels i kommunen.[231]

Etter å ha vore organisert saman med husmorvikarordninga vart heimesjukepleia skilt ut som ei eiga teneste i 1972. Tenesta, som låg under sosialtenesta, var ei frivillig ordning for kommunane og opererte etter mellombelse retningslinjer. Kommunar som valte å etablere heimesjukepleie og organisere tenesta etter desse retningslinjene fekk 75 % av kostnadane refunderte av staten. Kommunehelsetenestelova av 19. november 1982 påla kommunane å tilby tenester for behandling av sjukdom, rehabilitering og pleie og omsorg utanfor institusjon. Desse oppgåvene skulle bli løyst gjennom tilbod som allmennlegeteneste, fysioterapiteneste og heimesjukepleie.[232] Heimesjukepleia er den dag i dag organisert under den kommunale helse- og omsorgstenesta.[233]

Kva for form for hjelp som skal bli ytt av heimesjukepleia fastsett etter ei individuell og fagleg vurdering av brukaren. Dette kan vere nødvendig helsehjelp som til dømes sårbehandling og medikamenthandsaming, opptrening, opplæring eller hjelp til å meistre daglege gjeremål. Heimesjukepleia skal og hjelpe med støtte og rettleiing av pårørande. Den kommunale heimesjukepleia er ei gratis teneste.[234]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld oftast klientmapper, men vi kan òg finne postjournalar og møtebøker i arkiva etter heimesjukepleia.

230 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m.(helse- og omsorgstjenesteloven).

231 Elverum kommune, «Hjemmesykepleie.»

232 Bølstad, *Hjemmesykepleie: kommunehelsetjenestens grunnpilar* (Oslo: TANO, 1985), s. 13 og Breivik, *Hjemmesykepleie* (Oslo: Norsk institutt for by- og regionsforskning, 1978), s. 3.

233 Elverum kommune, «Hjemmesykepleie» og Rælingen kommune, «Tjenestekontoret for helse og omsorg.»

234 Flakstad kommune, «Hjemmesykepleie» og Sandefjord kommune, «Hjemmesykepleie (helsetjenester i hjemmet).»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Helse og omsorg |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

### Kommunale bufellesskap

Dei kommunale bufellesskapane fell inn under kommunen sitt ansvar for helse- og omsorgstenester. Spesifikt fell dette inn under kapittel tre i helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011: «Kommunens ansvar for helse- og omsorgstenester» og § 3-7 i loven: «boliger til vanskeligstilte».[235] Plasseringa av dette ansvaret er av mange kommunar gitt utvalet for helse, sosial og omsorg.[236]

Med HVPU-reforma (1991-1995) vart tidlegare fylkeskommunale institusjonar for menneskjer med funksjonsevne lagt ned og erstatta med kommunale bufellesskap. Reforma skulle betre levekåra for gruppa og la vekt på integrering. Institusjonane vart lagt ned og bebuarane flytta til alminnelege bustadar i heimkommunen.[237]

Ansvaret omfattar i dag å tilby bustadar som er særleg tilpasse innbyggjarar med særskilte behov, grunna alder, nedsett funksjonsevne eller andre orsakar. Som følgje av kapittel i tre i ovannemnte lov pliktar kommunen seg til at personar som får tilbod om plass i bufellesskap får den oppfølginga og hjelpen dei treng. For å kunne tilby bustadar til personar som kan ha krav på plass i bufellesskap samarbeider kommunane med Husbanken. Husbanken har som målsetjing å hjelpe kommunane til å gje eit fullstendig tilbod for å løyse bustadsosiale utfordringar.[238]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker, bebuarmapper, vaktplan- og beskjedbøker, rapportbøker og rekneskap.

235 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

236 Alver kommune, «Bustad/bufellesskap» og Øygarden kommune, «Bustad.»

237 Søbye, «HVPU-reformen.»

238 Husbanken, «Boligsosialt arbeid.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Helse og omsorg |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Institusjon |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



### Inntaksnemnda

Inntaksnemnda er ikkje oppretta med heimel i éi spesifikk lov, men kan sjåast i samanheng med lov om helse og- omsorgstenester av 24. juni 2011 § 3-2a. Lova gjer kommunen ansvar for å tilby opphald i institusjon.[239] Frå 2017 vedtok kommunestyra sine eigne føresegner om tildeling av langtidsopphald i sjukeheim. Føresegnene skal sikre forutsigbarheit og openheit når det gjeld retten til langtidsopphald i sjukeheim.[240]

Kvar kommune kan sjølv bestemme prosedyrane for inntak av bebuarar i institusjon, men det vanlegaste er å opprette ei inntaksnemnd. Inntaksnemnda består som regel av lege, sjukepleiarar for institusjon og representantar for den opne omsorga[241]

Inntaksnemnda handsamar søknader og gjer vedtak om tildeling av langtidsopphald og avlastningsplass i institusjon basert på den medisinske funksjonen til klienten og behovet for pleie- og omsorgstenester. Søknaden kan komme frå klienten sjølv eller frå lege på vegne av klienten.[242] Inntaksnemnda skal òg føre ventelister over pasientar og brukare som venter på langtidsopphald[243] og fungerer som klageorgan i fyrste instans. Vedtak kan klagast inn for Fylkesmannen, jf. Pasient- og brukarrettslova § 7-2.[244]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel møtebøker med saksvedlegg.

239 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

240 Forskrift om tildeling av langtidsopphold i sykehjem, Osen (2017).

241 Edvardsen, *Betaling for beboere i institusjon* (Oslo: Kommuneforlaget, 1997), s. 12.

242 *Ibid.*

243 Lov 1982-11-19 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene (kommunehelsetjenesteloven).

244 Forskrift om tildeling av langtidsopphold i sykehjem, Osen § 10 (2017).

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Helse og omsorg |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

**Helsestasjonen**

Den første norske kommunale helsestasjonen vart oppretta allereie i 1937, men fram til 1972 var ¾ av helsestasjonane drive av private organisasjonar, støtta av kommunen og fylkeskommunen. Med Lov om helsestasjonar og helsetiltak blant barn m.v. av 1972 ble helsestasjonane eit kommunalt ansvar.[245] I dag har helsestasjonen sin heimel i § 3-2 i helse- og omsorgstenestloven av 24. juni 2011.[246]

Helsestasjonen kan vere noko ulikt organisert i kommunane, men tenestene har som regel skulehelseteneste, helsestasjon for barn 0-5, helsestasjon for ungdom og jordmorteneste knytte til seg. I mindre kommunar og bydelar kan tilbodet vere etablert på tvers av kommune- og bydelsgrensar.[247]

Helsestasjonen er eit gratis lågterskeltilbod for barn og unge, og familien deira. Helsestasjonen jobbar med helsefremmande og førebyggjande arbeid. Dette omfattar helseundersøking, vaksinasjonar, helseopplysning og rettleiing. Helsestasjonane skal sjå til at tidlege signaler på omsorgssvikt og utviklingsavvik blir fanga opp. Tenesta driv og oppsøkande verksemd gjennom å følgje opp barn og foreldre etter fødsel og adopsjon.[248]

Helsestasjonane blir bemanna av sjukepleiarar, jordmødrer, psykologar og legar, og skal formidle kontakt med fysioterapeut, ergoterapeut, PPT og barnevernet ved behov.[249]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel pasientjournalar.

245 Heian, *Helsestasjonsboka* (Oslo: Kommuneforlaget, 1989).

246 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenesteloven m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

247 Davidsen, «Helsestasjons- og skolehelsetjenesten» *Lovdata* (2014).

248 *Ibid.*

249 Bergen kommune, «Helsestasjon- og skolehelsetjenesten – et gratis tilbud.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Institusjon |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



**Kommunelegen**

Kommunelegen vart oppretta med heimel kommunehelsetenestelova av 19. november 1982.[250] Kommunehelsetenestelova var eit resultat av ein lang og omfattande debatt om korleis førstelinjetenesta i det norske helsevesenet skulle vere organisert. Bakgrunnen for å revidere denne sektoren var blant anna eit ønskje om å skapa ei meir heilskapleg, geografisk utjamna og effektiv helseteneste med auka innverknad frå dei folkevalde.[251]

Med kommunehelsetenestelova fekk kommunane eit nytt og omfattande ansvar for organisering, planlegging og drift av helsetenester til innbyggjarane. Dei stod dimed fritt til å utforma eigen helsepolitikk etter lokale behov..[252] Lova avslutta òg det statlege distriktslegevesenet[253] og gjorde om stillingane til kommunelegar.[254] I dag er kommunelegen sitt ansvar og verksemd heimla i § 5-5 i helse- og omsorgstenestelov av 24. juni 2012.

Kommunelegen overtok mange av oppgåvene som tidlegare var tildelt distriktslegar. Helseråda, kor distriktslegen hadde fungert som leiar og helserådsordførar vart lagt ned i 1988 då store delar av den tidlegare sunnheitslova av 1860 vart erstatta med eit nytt kapittel om miljøretta helsevern i kommunehelsetenestelova.[255]

Kommunehelsetenestelova slår fast at kommunelegen skal vera medisinskfagleg rådgjevar for helsetenesta. Tilrådinga og grunngjevinga til kommunelegen skal alltid følgje saka når kommunen handsamar saker om miljøretta helsevern, smittsame sjukdommar og helsemessig beredskap.

Kommunelegen har som oppgåve å oppretthalde eit tilfredsstillande smittevern, helsemessig og sosial beredskap for store og små ulykker eller katastrofar, og dessutan legeundersøking etter lov om tvunge psykisk helsevern.[256] Ved dødsfall skal kommunelegen sende dødsmeldingar frå leger i kommunen til Dødsårsaksregisteret, jf. lov om helsepersonell § 36.

Arkiv etter arkivskaparen inneheld som regel pasientjournalar.

250 Lov 1982-11-19 nr. 66 om helsetjenesten i kommunene (kommunehelsetjenesteloven).

251 Paulsen, *Ny lov om kommunehelsetjenesten* (Oslo: Kommuneforlaget, 1985), s. 2-3.

252 Hellandsvik, *Grunnbok om kommunehelsetjenesten* (Oslo: Norske kommuners sentralforbund, 1987), s. 7.

253 Regjeringen, «Evaluering av fastlegeordningen. EY og Vista analyse.»

254 *Store norske leksikon* «Kommunelegen» av Geir Sverre Bjørg Braut.

255 Rønnevik, «Kommunelegene – fra dobbeltstemme til hviskelek?»*?*.

256 Johansen, «Samfunnsmedisin og kommuneoverlege», *Målselv kommune*.

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Helse og omsorg |
| **Samfunnssektor** | Kommunelege |
| **Aktørtype** | Kommune |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetatar |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

## Kommunepsykologen

Alle norske kommunar er pålagt å ha ein psykolog knytt til seg, jf. helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011 § 3-2.[257] Ordninga, som tidlegare var frivillig, vart lovpålagt i 2020, og skal bidra til at kommunen kan tilby nødvendige helse- og omsorgstenester til personar som bur og oppheld seg i kommunen.[258]

Kommunepsykolog etablerte seg som ei eiga stillingsnemning på midten av 1970-talet, og var underlagt sosialkontoret. Odda kommune var den første kommunen som tilsette ein eigen kommunepsykolog. Tilsetjinga fann stad etter at det vart gjennomført ei kartlegging av sosialsektoren og skulesektoren. Kartlegginga viste at det var eit behov for ein kommunal psykolog med eit breiare verkeområde enn det PP-tenesta kunne tilby.[259]

Som med allmennlegar og sosialkuratorar hadde kommunepsykologen ein generalistfunksjon, med arbeidsoppgåver som famnar breitt. Dette kunne innebere førebyggjande arbeid blant barn og ungdom, familierådgjeving, klientbehandling og oppsøkande arbeid. Rolla har seinare blitt meir spesialisert.[260]

Kommunepsykologen er underlagt dei kommunale helse- og omsorgstenestene. Arbeidsområdet til kommunepsykologen kan variere mellom kommunane, men som regel skal tenesta tilby lågterskel behandling for milde psykiske lidingar, og bidra til helsefremmande arbeid i lokalmiljøet. Kommunepsykologen skal delta på plan- og utviklingsarbeid, undervise om psykisk helse og rettleie andre yrkesgrupper, kommunale tenester, lag og foreiningar i faget.[261] I enkelte kommunar er kommunepsykolog ei teneste som er retta særskilt mot barn og unge.[262]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel klientmapper.

257 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

258 Toppe, «Representantforslag om økt rekruttering av kommunepsykologer» *Stortinget*.

259 Knoff, *Psykologiske allmenntjenester* (Universitetsforlaget, 1982).

260 Ånstad, *Psykologer i den kommunale helse- og sosialtjenesten* (Statens trykningskontor, 1988).

261 Heim kommune, «Kommunepsykolog.»

262 Øygarden kommune, «Kommunepsykolog for barn og unge.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



## Psykisk helseteneste

Psykisk helseteneste har sin heimel i helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011, og skal tilby psykisk helsehjelp til barn, vaksne og pårørande.

Dei siste tre tiåra har feltet gjennomgått store endringar. På 1990-talet kom det fram at tilbodet måtte bli endra for å betre helsetenesta. Hovudproblema var blant anna at det var for få tilbod i kommunane og at det førebyggande arbeidet for psykisk helse var for svakt.[263] Med pasient- og brukarrettarlova av 1999 vart førebyggande helsehjelp og pasienten sin rett til behandling styrka.[264]

I 2011 vart helse- og omsorgstenestelova vedtatt. Lova erstatta den gamle kommunehelsetenestelova frå 1982.[265] Den nye lova var eit resultat av eit av samhandlingsreforma sine mål om auka livskvalitet gjennom førebyggande arbeid. Kommunane fekk eit meir heilskapleg og tydeleg ansvar for å tilby nødvendige helse- og omsorgstenester ut frå lokale forhold og behov.[266] Kommunen sitt ansvar for desse tenestene omfattar jf. § 3.1 i lova alle pasient- og brukargrupper, både med somatisk og psykisk sjukdom, skade eller liding, menneske med rusproblem, sosiale problem eller nedsett funksjonsevne.[267]

Kommunane har ulike måtar å organisere arbeidet innanfor psykisk helse, men felles er at det er underlagt helse- og omsorgstenesta. Sidan kommunane organiserer tilbodet etter lokale behov, vil tilbodet variere noko. Blant tilboda er rask psykisk helsehjelp, bistand for menneske i sorg og krise eller med utfordringar knytt til rus, bistand for valds- og overgrepsofre, psykisk helse for eldre, kommunal akutt døgneining, tilbod om bustad, møtestader, kunst- og kulturtilbod og turgrupper.[268]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel klientmapper.

263 St.meld. nr. 50 (1993-1994) og St.meld. nr. 24 (1996-1997).

264 St.meld. nr. 24 (1996-1997) og Lov 1999-07-02-63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukerrettighetsloven).

265 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

266 St.meld. nr. 47 (2008-2009) og Regjeringen, «Samhandlingsreformen.»

267 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

268 Moss kommune, «Psykisk helse», Bergen kommune, «Psykiske helsetjenester i kommunen» og Trondheim kommune, «Psykisk helse.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Sosiale oppgåver |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

### Fysio- og ergoterapitenesten

Fysio- og ergoterapitenesta er ein del av dei kommunale helse- og omsorgstenestene, og har sin heimel i helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011. Tenesta er og regulert av lovar som helseregsiterlova, helsepersonellova og pasient- og brukarrettarlova.[269]

Fysio- og ergoterapitenesta tilbyr fysio- og ergoterapi til alle aldersgrupper, og skal sørge for at brukarane av tenesta får ein individuell tilpassa behandling, trening og rettleiing. Tenesta jobbar og med helsefremmande og førebyggande tiltak rett mot grupper og på samfunnsnivå.[270]

Mange kommunar har valt å dele fysio- og ergoterapitenesta inn o to fagområde ettersom dei to områda har forskjellige tilbod til brukarane. Ein fysioterapeut jobbar med kropp og bevegelse for å fremme god helse, og skal undersøke, gi behandling og trening. Som regel må brukaren kontakte fysioterapitenesta direkte, men om brukaren av helsemessige årsaker ikkje klarer dette sjølv er det mogleg å søke gjennom kommunen.[271]

Ergoterapeutar skal hjelpe brukare som har vanskar med å utføre daglege gjeremål på grunn av sjukdom eller skade. Ergoterapeuttenesta skal hjelpe med å leggje til rette omgjevnadene i heimen, på skulen og på arbeidsplassen, og hjelpar til med å finne løysingar som gjer at brukaren kan leve eit så aktivt mål som mogleg.[272]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel pasientjournalar.

269 Bergen kommune, «Ergo- og fysioterapi.»

270 Bergen kommune, «Ergo- og fysioterapi» og Vestre Toten kommune, «Fysio- og ergoterapitjenesten i Vestre Toten kommune.»

271 Vestre Toten kommune, «Fysio- og ergoterapitjenesten i Vestre Toten kommune.»

272 Vestre Toten kommune, «Fysio- og ergoterapitjenesten i Vestre Toten kommune» og Alver kommune «Ergoterapi.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Helse og omsorg |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Forvaltningsorgan |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |



### Legevakten

Den kommunale legevakta har heimel i helse- og omsorgstenestelova av 24. juni 2011 og akuttmedisinforskrifta av 20.mars 2015. Alle kommunar skal syte for at dei som bur og oppheld seg i kommunane har tilbod om døgnkontinuerleg helsehjelp, og skal tilby medisinsk hjelp ved ulykker og andre akutte situasjonar. Tenesta er underlagt dei kommunale helse- og omsorgstenestene, og er eit sentralt ledd i det akuttmedisinske tilbodet utanfor sjukehus.[273]

Legevakttenesta var tidlegare basert på frivillige ordningar mellom legane i eit distrikt. Først i 1981 vart legevakttenesta ei lovpålagt kommunal oppgåve.[274] Korleis tenesta er organisert har frå starten av variert mellom kommunane. Kommunen kan enten ha ein eigen legevaktordning, eller inngå eit samarbeid med andre nærliggande kommunar. Kva for ordning kommunen vel har ofte samanheng med kommunen si demografi og geografi.[275]

Medan fastlegane har ansvaret for å yte augeblikkeleg helsehjelp til sine pasientar i vanleg kontortid skal kommunen syte for det akuttmedisinske tilbodet til innbyggjarar utan fastlege og andre som oppheld seg i kommunen.[276] Fleire kommunar har organisert ein daglegevakt, kor fastlegar er i beredskap i kontortida. Fastlegane som inngår i denne ordninga er på vakt i medhald av akuttmedisinforskrifta, og skal ta imot pasientar på legekontoret eller rykke ut ved behov. Dette er ein avtalefestet teneste mellom kommunen og dei einskilde fastlegane som er med i ordninga.[277]

Arkiv etter denne arkivskaparen inneheld som regel pasientjournalar.

273 Lov 2011-06-24-30 om kommunale helse- og omsorgstjenester m.m. (helse- og omsorgstjenesteloven).

274 NOU (1998:9) Hvis det haster… Faglige krav til akuttmedisink beredskap.

275 Regjeringen, «Legevakt og akuttmedisin» og Helsedirektoratet, «Legevakt og legevaktsentral.»

276 Regjeringen, «Legevakt og akuttmedisin.»

277 Helsedirektoratet, «Legevakt og legevaktsentral.»

| | |
|---|---|
| **Arkivskaperkategori** | Helse og omsorg |
| **Samfunnssektor** | Kommune |
| **Aktørtype** | Institusjon |
| **Forvaltningsnivå** | Fagetat |
| **Forvaltningsområde** | Helse- og sosialsaker |

**Logopedtenesten**

Etter opplæringslova § 5-1 skal kommunar og fylkeskommunar tilby behandling hos logoped og audiopedagog til barn, unge og vaksne som har rett til eit spesialpedagogisk tilbod. Det offentlege logopedtilbodet er og regulert av lovar som barnehagelova, helse- og omsorgstenestelova, folketrygdlova og spesialisttenestelova.[278]

